

# Attlevande sambuars moglegheit for arv og uskifte etter gjeldande rett og arvelovutvalets forslag – NOU 2014: 1

Kandidatnummer: 160

Ordmengd inkl. fot- og sluttnotar: 14 029



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

01.06.15

# Innholdsliste

1	Innleiing.....	1
1.1	Oppgåvas tema og siktemål.....	1
1.2	Avgrensingar av oppgåva og vidare framstilling .....	3
1.3	Rettskjeldebilete .....	3
2	Sambuarskap som grunnlag for rettigheitar etter arvelova.....	5
2.1	Innleiing.....	5
2.2	Kriterier for sambuarskap i arvelova, jf. § 28 a.....	5
2.2.1	«To personar» .....	5
2.2.2	«Over 18 år».....	6
2.2.3	«Korkje gift, registrert partner eller sambuar med andre» .....	6
2.2.4	«Lever saman» .....	7
2.2.4.1	Utgangspunktet.....	7
2.2.4.2	Verknaden av at sambuarane for ei tid har ulik bustad .....	8
2.2.4.3	Kan samlivsinterne problem vere «liknande omstende»? .....	10
2.2.5	«Ekteskapsliknande forhold» .....	12
3	Ein sambuars rett til arv og uskifte etter arvelova .....	14
3.1	Felles tilleggsvilkår for arv og uskifte.....	14
3.1.1	Utgangspunkt.....	14
3.1.2	«Sambuar med den avdøde ved dødsfallet» .....	14
3.1.3	«Har, har hatt eller ventar barn med avdøde» .....	14
3.1.3.1	Innleiing.....	14
3.1.3.2	Har barn.....	15
3.1.3.3	Har hatt barn.....	16
3.1.3.4	Ventar barn.....	16
3.2	Rett til arv, jf. al. § 28 b.....	19
3.3	Rett til uskifte, jf. al. § 28 c .....	19
3.3.1	Uskifteretten til ektemakar .....	19
3.3.2	Vilkår for uskifteretten til sambuarar .....	20
3.3.2.1	Innleiing.....	20
3.3.2.2	Særkullsbarn må samtykkje til uskifte.....	21
3.3.2.3	Eksisterande uskift bu må skiftast .....	21
3.3.2.4	Skiftemelding .....	22
3.3.3	Omfanget av uskiftebuet.....	22

3.3.3.1	Innleiing.....	22
3.3.3.2	«felles bustad og innbu».....	23
3.3.3.3	«bil og fritidseigedom med innbu som tente til felles bruk for sambuarane» .....	25
3.3.3.4	Uskifterett til meir enn éin bustad, fritidseigedom og bil? .....	25
3.3.3.5	Ombyting av uskiftebuets eigedelar .....	26
3.3.4	Åtgangen til å utvide uskifteretten.....	27
3.4	Åtgangen til å innskrenke arve- og uskifterettigheitar .....	28
3.5	Valet mellom arv og uskifte .....	29
4	Ein sambuars rett til arv etter testament .....	30
4.1	Innleiing.....	30
4.2	Avgrensingar i testasjonsfridomen for arvelatar med livsarvingar.....	30
4.2.1	Innleiing.....	30
4.2.2	Verna pliktdelsarv for testators livsarvingar, jf. al. § 29 .....	31
4.2.3	Forlottsrett for barn i visse høve, jf. al. §§ 36 og 37 .....	32
4.3	Testasjonskompetanse for dei ulike typar sambuarar.....	33
4.3.1	Barnlause sambuarar .....	33
4.3.2	Sambuarar utan fellesbarn, men der den eine eller begge har særkullsbarn.....	33
4.3.3	Sambuarar med fellesbarn .....	36
5	Attlevande sambuars rett til arv og uskifte etter utkast til ny arvelov – NOU 2014: 1 .....	37
5.1	Innleiing.....	37
5.1.1	Likestilling av sambuarar og ektemakar og auka av til desse .....	37
5.1.2	Legalarve- og uskifterett til sambuarar utan fellesbarn, men med særkullsbarn .....	38
5.1.3	Endringar i pliktdelsarva for arvelatars livsarvingar .....	38
5.2	Merknadar til utkastet.....	39
	Litteraturliste .....	41

# 1 Innleiing

## 1.1 Oppgåvas tema og siktemål

Temaet for oppgåva er *attlevande sambuars moglegheit for arv og uskifte*. For å setje temaet inn i ein større samanheng for å vise viktigeita, vil tema bli sett frå ei meir statistisk side innleiingsvis.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) visar at samlivsforma *sambuar* har auka gradvis dei siste 30 åra. På tidleg 90-talet var 20 prosent av alle par, sambuarar, medan talet hadde auka til 26 prosent i 2011.<sup>1</sup> Mest vanleg er sambuarskap i aldersgruppa 18–29 år der 72 prosent av alle personar i par, levde i sambuarskap i 2014.<sup>2</sup> Statistikken visar at samlivsforma er komen for å bli.

Dersom den eine sambuaren døy, er det arvelova frå 1972 som regulerer fordelinga av formuen hans.<sup>3</sup> Sidan det ikkje finst ei sambuarlov som regulerer korleis ein finner ut kva som er avdøde sin formue, skjer det økonomiske oppgjeret etter eigarforholdet i tingen. Ein må finne ut om sambuarane eigde tingen i eineiege eller i sameige. Er tingen i sameige, må ein finne ut kor stor del av tingen kvar av sambuarane eig. Når det kjem til gjeldsansvar, må ein finne ut om gjelda kviler på den eine eller begge, og eventuelt brøktalet kvar er ansvarleg for viss gjelda kvilar på begge. På bakgrunn av desse vurderingane kjem ein fram til kva formue og gjeld som høyrar høvesvis til attlevande og avdøde sambuar. Avdøde sin formue og gjeld går inn i eit dødsbu som skal fordelast mellom vedkomande sine arvingar etter arvelova eller testament, og før 1. juli 2009 hadde attlevande sambuar verken legalarve- eller uskifterett, men berre ein moglegheit for arv etter testament.

Frå 1. juli 2009 fekk arvelova eit nytt kapittel III A som regulerer visse sambuarars rett til arv og uskifte.<sup>4</sup> Kapittelet gav sambuarar som har, har hatt eller ventar barn saman (heretter fellesbarn) ein gjensidig rett til arv og uskifte etter arvelova. Jamvel om sambuarpar med

---

<sup>1</sup> SSBs statistikk, *Samboere, 2011*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/samboer/aar> [henta: 31.05.15]


<sup>2</sup> SSBs statistikk, *Familier og husholdninger, 1. januar 2014*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/familie/aar/2014-12-12#content> (henta: 21.05.2015)

<sup>3</sup> Lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. (arvelova)

<sup>4</sup> Lov 19. desember 2008 nr. 112 om endringer i arveloven mv. (arv og uskifte for samboere)

fellesbarn fekk lovfesta arve- og uskifterett i 2009, aukar framleis talet på sambuarpar utan fellesbarn, sjå figur 1 nedanfor.

Figur 1. Sambuarpar med og utan fellesbarn, over tid.<sup>5</sup>



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figuren viser at i 2014 var talet på sambuarpar utan fellesbarn ca. 150 000, medan talet på sambuarar med eitt eller fleire fellesbarn utgjorde ca. 165 000. Dette indikerer at arvelovas kapittel III A berre omfattar halvparten av sambuarpar per dags dato, slik at testament framleis vil i stor grad vera løysinga for par som fell utanfor kapittel III A.

Det er grunn til å tru at sambuarar ikkje er seg sjølv medviten på om dei omfattast av arvelova, kva rettigheitar dei har etter arvelova og kor mykje arv dei kan testamentere til kvarandre. Der eit sambuarpar har kjøpt leilegheit eller bustad saman og den eine døyr, vil attlevande kanskje ikkje kunne sitje att med heimen. Denne oppgåvas siktemål er å vise korleis attlevande sambuar kan tryggjast best mogleg, der det avgjerande skiljet etter gjeldande rett er om den som døyr har barn eller ei. Siktemålet med oppgåva skal eg få fram ved å sjå på arvelovas reglar for legalarv- og uskifterett samt testamentsarv.

<sup>5</sup> SSBs statistikkbank, tabell 06092: *Par i privathusholdninger, etter samlivsform og antall barn i familien*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=PersonSamliv03&KortNavnWeb=familie&PLanguage=0&checked=true> (henta: 31.05.2015) I figuren er barn (ugifte heimebuande) 18 år og over halden utanfor ved gruppering av par. Par som har barn i alderen 18 år og over, er difor rekna som par utan barn.

## 1.2 Avgrensingar av oppgåva og vidare framstilling

Arvelova nyttar omgrepet *livsarving* om arvelatars barn eventuelt barnets avkom, viss barnet er død, jf. al. § 1. I situasjonen der arvelatars livsarving ikkje er attlevande sambuars livsarving, talar ein om arvelatars *særskild livsarving/særlivsarving* ovanfor attlevande sambuar. I denne oppgåva vil gjennomgangen nytta omgrepa fellesbarn og særkullsbarn av pedagogiske grunnar i store delar av oppgåva, sjølv om omgrepa livsarving og særlivsarving kan byttast ut i alle situasjonar.

Gjennomgangen av rett til arv og uskifte for sambuarar i oppgåvas kapitla 2 og 3, vil i all hovudsak avgrensast til dei tre viktigaste føresegna i arvelovas kapittel III A, nemleg §§ 28 a, 28 b og 28 c. Skifte av uskift bu, vil ikkje vere tema for handsaminga.

Når det gjeld rett på testamentsarv i oppgåvas kapittel 4 må det merkast at det er mange moglege problemstillingar knytt til testamentets formkrav og innhald som oppgåva ikkje går nærare inn på. Framstillinga om testamentsarv går berre inn på det sentrale når det gjeld korleis sambuarpar med og utan fellesbarn best mogleg kan tryggje kvarandre ved testament, og kva grenser arvelova set for testasjonsfridomen.

I kapittel 5 vil det kort bli gjennomgått sentrale forslag som påverkar attlevande sambuars rett til arv og uskifte i utkast til ny arvelov – NOU 2014: 1 Ny arvelov – før det avslutningsvis blir gjort eit par merknadar til utkastet.

## 1.3 Rettskjeldebilete

Lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m (arvelova) er den primære rettskjelda som regulerer rett til arv for avdøde sine slektningar, ektemakar og sambuarar.

Rettsleg grunnlag for reglane for attlevande sambuars rett til arv og uskifte finst i arvelovas kapittel III A «rett til arv og uskifte på grunnlag av sambuarskap», og kapittelet blei satt i kraft frå 1. juli 2009 ved ei endringslov til arvelova.<sup>6</sup>

I tillegg til sjølve lovteksten i kapittel III A, er førearbeida til endringslova svært sentrale rettskjelder for å finne fram til korleis lovteksten skal forståast i kapittelet då dette er nokså

---

<sup>6</sup> Lov 19. desember 2008 nr. 112 om lov om endringer i arveloven mv. (arv og uskifte for samboere)

nytt. Sist kom justiskomiteens innstilling.<sup>7</sup> Dette er lovvedtaket til kapittel III A, men vedtaket svarar til punkt og prikke lovforslaget frå Justisdepartementet, som er grunnlagt og forklart i Odelstingsproposisjonen.<sup>8</sup> Proposisjonen kom etter at Justisdepartementets lovavdeling hadde hatt eit forslag ute på høyring.<sup>9</sup> Høyringsnotatet og proposisjonen byggjer dels på skildringar og vurderingar kome fram under utredningar m.m.

Det er framleis lite til inga rettspraksis knytt til kapittel III A, og difor blir juridisk litteratur som er skriven på området eit viktig supplement til førearbeida for tolkinga og forståinga av regelsettet. Mest aktuelt er artiklar forfatta av Thomas Eeg, John Asland og Torstein Frantzen og litteratur frå Peter Lødrup og John Asland

Oppgåva vil også kort gå inn på utkastet til ny arvelov som er ute på høyring per dags dato – NOU 2014: 1 Ny arvelov. Jamvel om innstillinga ikkje har noko meir rettskjeldevekt enn juridisk litteratur per dags dato, visar forslaget rettsoppfatningar til arvelovutvalet og tendensar i samfunnet for korleis sambuarars rett til arv og uskifte burde vere (og kan kome til å bli).

---

<sup>7</sup> Innst. O. nr. 14 (2008–2009)

<sup>8</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) Om lov om endringer i arveloven mv. (arv og uskifte for samboere)

<sup>9</sup> Høyringsnotat – Forslag om endringer i arveloven – rett til arv og uskifte for samboere, 22. januar 2007

## 2 Sambuarskap som grunnlag for rettingheitar etter arvelova

### 2.1 Innleiing

Det er visse kumulative grunnvilkår i arvelova som må vera oppfylt for at ein attlevande sambuar skal ha rett på arv og uskifte etter lova.

For det første må ein vera «sambuar» med avdøde, jf. al. § 28 a. Deretter må tilleggsvilkåra «sambuar med den avdøde ved dødsfallet» og «har, har hatt eller ventar barn med avdøde» vera oppfylt, jf. al. §§ 28 b og 28 c begge sitt første ledd første punktum. Dei to tilleggsvilkåra vil bli handsama under punkt 3.1

Kven som er «sambuar» i arvelovas forstand, kjem fram gjennom definisjonen og avgrensinga av «sambuarskap» i § 28 a første og andre ledd. Det følgjer så av tredje ledd at ein «sambuar» etter lova er «kvar ein som lever i sambuarskap». Spørsmålet blir vidare kva som er eit sambuarskap i lovas forstand.

Ein kan dele vilkåret «sambuarskap» pedagogisk inn i fem kumulative kriterier: «To personar», «over 18 år», som «korkje er gift, registrert partner eller sambuar med andre», «lever saman» i eit «ekteskapsliknande forhold», jf. al. § 28 a første ledd. Desse kriteria vil bli gjennomgått etter kvart nedanfor under punkt 2.2.

### 2.2 Kriterier for sambuarskap i arvelova, jf. § 28 a

#### 2.2.1 «To personar»

Ordlyden «to personar» er kjønnsnøytral og omfattar både par av motsett eller same kjønn.<sup>10</sup>

Når det gjeld tilfella der to personar bur saman i eit kollektiv med fleire personar, følgjer det av proposisjonen til kapittel III A at omgrepet «sambuarskap» ikkje omfattar større

---

<sup>10</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 46



bufellesskap, til dømes kollektiv.<sup>11</sup> Sambuarskap i lovas forstand kan berre ha to deltakarar og det inneber at ein person ikkje kan vera sambuar med fleire samstundes. Etter omstenda kan likevel sambuarskap mellom to personar innanfor eit større bufellesskap omfattast, til dømes der fleire sambuarpar bur i et hus og deler fellesareala. I slike situasjonar vil det avgjerande vera om dei andre kumulative vilkåra i «sambuarskap» er oppfylt.<sup>12</sup>

### **2.2.2 «Over 18 år»**

Det neste kriteriet for sambuarskap er at begge personar må vera «over 18 år» for å kunne inngå sambuarskap, jf. al. § 28 a første ledd. Lova kan gi rom for to tolkingar dersom den yngste sambuaren dør på 18 årsdagen sin.

Ordlyden «over» indikerer at vilkåret ikkje er oppfylt om sambuaren dør på 18 års dagen sin. På den andre sida kan ein tolke «over» til at ein har 18 år bak seg på fødselsdagen, og såleis er ein «over18 år». Den sistnemnde tolkinga har mange gode grunnar for seg. Det er ikkje provmessig vanskelegare å la dødsfall på 18 årsdagen oppfylle vilkåret, enn dødsfall dagen etter 18 årsdagen. I begge tilfelle har personen fylt 18 år. Om det i lovteksten hadde stått «fylt 18 år» eller «ikkje under 18 år» ville det vore enda lettare å forstå føremålet i lovteksten – nemleg at begge sambuarane må vera myndige. Følgjeleg må ordlyden forståast slik at 18 årsdagen er tilstrekkeleg.

Lovteksten set opp eit absolutt vilkår om myndighetsalder. For inngåing av ekteskap, kan ein få løyve til å gifte seg før ein er myndig, jf. ekteskapsloven (heretter el.) § 1 a, men noko rom for unntak etter arvelova § 28 a finst ikkje.<sup>13</sup> Ved at det ikkje er rom for unntak kan gi urimelege resultat der sambuarparet har fellesbarn og den eine dør og dødsfallet skjer før attlevande er 18 år. Ut frå omsynet til retts tekniske enkle reglar, har lovgivar valt å nytta myndighetsalderen for å unngå vanskelege provspørsmål for sambuarar.

### **2.2.3 «Korkje gift, registrert partner eller sambuar med andre»**

Med «korkje gift, registrert partner eller sambuar med andre» blir konsekvensen at det ikkje vil vera mogleg å etablere eit sambuarskap i arvelovas forstand medan ein framleis lev i eit etablert forhold med ein annan person.

---

<sup>11</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 45–46

<sup>12</sup> Sjø Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 45–46 og Peter Lødrup og John Asland, *Arverett*, 6. utgåve, Oslo 2012 s. 80.

<sup>13</sup> Lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapsloven)

Det følgjer av høyringsnotatet til endring i arvelova at ein må vera formelt skilt eller tidlegare sambuarforhold må vera over, for å kunna etablera eit nytt sambuarskap.<sup>14</sup> Spørsmålet vidare er når eit ekteskap, registrert partnerskap eller sambuarskap avsluttast.

Ved oppløysing av ekteskap (eller registrert partnerskap, jf. el. § 95), følgjer det av el. § 27 at paret er formelt skilt frå det tidspunkt fylkesmanen gir skilsmisseyve.<sup>15</sup> Det vil seie at ein framleis er gift eller registrert partnar jamvel om ein er separert.

Det finst inga sambuarlov som løyser spørsmålet for når eit sambuarskap er over. I Hålogaland lagmannsretts dom 3. mars 2009 var spørsmålet om tidlegare sambuar framleis hadde legalarverett. Retten føretok ei konkret skjønnsvurdering for om sambuarskapet var avslutta etter samlivsproblem sumaren 2003 som resulterte i at manen flytta ned i kjellarleilegheita.<sup>16</sup> Retten kom til at sambuarskapet var oppløyst då manen døde fire år seinare. Følgjeleg hadde ikkje sambuaren legalarverett. Jamvel om dommen er frå før 2009 då arvelova fekk reglar om sambuarars arve- og uskifterett, er dommen framleis relevant sidan lova ikkje har reglar for når eit sambuarskap er over.<sup>17</sup>

I svensk rett er spørsmålet løyst i sambolagen og loven kan gi gode retningsliner for vurderinga.<sup>18</sup> Det følgjer av sambolagen § 2 at oppløysing skjer ved at ein eller begge av sambuarane inngår ekteskap med kvarandre eller nokon andre, flyttar frå kvarandre, den eine døyr, den eine søkar om å dela sambuaranes formuemasse gjennom skifte, den eine søkar om å få overta bustad åleine eller ein av partane saksøkar den andre for overtaking av egedomen. Alle grunnlaga indikerer at sambuarane er ferdig med sambuarskapet. Tilsvarande retningsliner kan nyttast også her, men ikkje direkte. Sidan sambuarskap krev at sambuarane «lever saman» (sjå punkt 2.2.4) kan moment ved den gjennomgangen kome inn også her for om eit tidlegare sambuarskap er over eller står ved lag, sjå særleg punkt 2.2.4.3.

## **2.2.4 «Lever saman»**

### 2.2.4.1 Utgangspunktet

---

<sup>14</sup> Høyringsnotat (2007) s. 40

<sup>15</sup> Lov 4.juli 1991 nr. 47 om ekteskap. Ved lov 27. juni 2008 nr. 53 blei registrert partnerskap likestilt med ekteskap etter ekteskapsloven, jf. el. § 95.

<sup>16</sup> LH-2008-172266

<sup>17</sup> Sjå punkt 2.2.4.3 for meir om rettens argument og grunngiving for resultatet.

<sup>18</sup> Lov 12.juni 2003 nr. 376 om sambolag

Vilkåra «lever saman» i eit «ekteskapsliknande forhold» utgjere bærebjelken i al. § 28 a(1). Dette fordi det nettopp er samlivet som kjenneteiknar sambuarskap<sup>19</sup>. Dei to vilkåra må sjåast i samanheng når ein skal gjere vurderinga i praksis, men i denne samanheng vil dei bli handsama kvar for seg.

Den naturlege språklege forståinga av «lever saman» tilseier faktisk samliv. Det vil seie at sambuarane fysisk delar bustad og at det er ei viss grad av fellesskap i samlivet, utover det å berre dele bustad. I følgje proposisjonen er kravet at partane må vera permanent busett i same husstand.<sup>20</sup> Eit parforhold der partane bur kvar for seg (særbuarar), bør ikkje utløysa lovfesta rett til arv eller uskifte.<sup>21</sup> Lødrup og Asland meiner at spørsmålet om særbuarar stillar seg annleis viss begge partar flyttar mellom kvarandre sine leilegheitlar – ei veke hos meg og ei veke hos deg<sup>22</sup>

Den nærare vurderinga av om eit par faktisk «lever saman» må vurderast ut frå ei konkret heilskapsvurdering der mange moment spelar inn.<sup>23</sup> Eit viktig moment i vurderinga vil vera om partane har felles folkeregistrert adresse, men dette er ikkje noko formelt krav etter proposisjonen.<sup>24</sup> I mangel av felles folkeregistrert adresse må det normalt vera sterkare haldepunkt av annan art for å kome til at vilkåret «lever saman» er oppfylt.<sup>25</sup> Andre moment i denne samanhengen kan vere felles postadresse, vitnemål frå familie, grannar og venner og omstende som kvar partane har hatt det vesentlege av sine personelege eigedelar.

Det finst unntak frå vilkåret «lever saman» i al. § 28 a andre ledd for mellombels opphald utanfor heimen for sambuarane. Gjennomgang av unntaket kjem nedanfor i punkt 2.2.4.2, medan spørsmålet om samlivsinterne problem kan vera eit unntak, kjem under punkt 2.2.4.3.

#### 2.2.4.2 Verknaden av at sambuarane for ei tid har ulik bustad

Etter al. § 28 a andre ledd kan eit «sambuarskap» stå ved lag jamvel om partane «for ei tid» bur frå kvarandre. Åtskiljinga må i slike tilfelle skuldast «utdanning, arbeid, sjukdom, opphald på institusjon eller andre liknande omstende», jf. al. § 28 a andre ledd.

---

<sup>19</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 80

<sup>20</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 46

<sup>21</sup> Ibid s. 18

<sup>22</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 80

<sup>23</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 18

<sup>24</sup> Ibid s. 46

<sup>25</sup> Ibid s. 46

At ein framleis kan leve i sambuarskap jamvel om ein for ei tid har ulik bustad, kjem inn når det gjeld tilleggsvilkåret til lovfesta rett til arv og uskifte, «sambuar med avdøde ved dødsfallet» (sjå punkt 3.1.2).<sup>26</sup> I tillegg gjere vurderinga seg gjelande etter § 28 b første ledd andre punktum.<sup>27</sup> Etter § 28 b første ledd andre punktum kan sambuarar utan fellesbarn, men med særkullsbarn, testamentere inntil fire gangar folketrygdas grunnbeløp (heretter 4G) til kvarandre som går føre pliktdelsarva til barna dersom sambuarane har minimum fem års sambuarskap «ved dødsfallet», sjå punkt 4.3.2. Når det gjeld vurderinga av femårskravet til sambuarskap, vil både kortvarig opphald undervegs i samlivet i tillegg til ulik bustad ved dødsfallet, aktualisere § 28 a andre ledd. Sidan § 28 a andre ledd gjere seg gjeldane etter ulike føresegn, har eg difor valt å handsama verknaden av mellombels ulik bustad under samlivet og ved dødsfallet samla under gjennomgangen av unntak frå «lever saman» i dette punktet og punkt 2.2.4.3.

Ordlyden «for ei tid» tilseier mellombels. Førearbeida gir inga svar på lengda av opphaldet lova tillèt for dei ulike årsakene bak åtskiljinga, men proposisjonen nemnar at som utgangspunkt vil sambuarar som mellombels har ulike bustad ved dødsfallet på grunn av arbeid, studiar eller liknande omstende oppfylle kravet.<sup>28</sup>

Det må vidare tillatast at ein sambuar som flyttar på eldrebustad oppfyller vilkåret «for ei tid», jamvel om opphaldet på institusjonen skulle vise seg å bli permanent når dødsfallet skjer. Proposisjonen uttalar, når det gjeld utrekninga av femårskravet for samanhengande sambuarskap etter § 28 b første ledd andre punktum, at par som oppfyller femårskravet, anten før den eine flyttar på institusjon eller undervegs på institusjonen, bør likevel reknast som sambuarar ved dødsfallet.<sup>29</sup>

Det følgjer av førearbeida at «[h]vorvidt samboerskapet består ved arvefallet, vil bero på en helhetlig vurdering. Vurderingstemaet bør antakelig være om det etter partenes livssituasjon samlet sett er rimelig å anse partene som samboere.»<sup>30</sup> I heilskapsvurderinga vil partanes siktemål bak åtskiljinga vera eit viktig moment.

Nedanfor i punkt 2.2.4.3 vil det drøftast om samlivsinterne problem som årsak til forskjellig bustad, kan vere «liknande omstende».

---

<sup>26</sup> Al. §§ 28 b og 28 c begge sitt første ledd første punktum

<sup>27</sup> Ot.prp. nr.73 (2007-2008) s. 47-48.

<sup>28</sup> Ibid s. 48

<sup>29</sup> Ibid s. 47

<sup>30</sup> Ibid s. 18

### 2.2.4.3 Kan samlivsinterne problem vere «liknande omstende»?

Ordlyden «liknande omstende» refererer tilbake til dei føregåande døma på årsaker bak mellombels opphald utanfor sambuarparets heim som «utdanning, arbeid, sjukdom [og] opphald på institusjon. Det kan vera ulike omstende bak dei nemnde årsakene som gjere at samburane for ei tid bur frå kvarande, men ordlyden «omstende» gjere det uklårt kva slags andre årsaker som kan omfattast og kva omstende som er liknande. Dersom den eine sambuaren flyttar på hybel for å studere, kan det vera vanskeleg å seie med visse om årsaka er studie eller om det også er andre grunnar til flyttinga, som til dømes samlivsproblem.

Eit spørsmål som melder seg er om eit sambuarpar som bur kvar for seg på grunn av at dei treng ein tenkepause, kan vera «liknande omstende» slik at vilkåret om «sambuarskap» er oppfylt, jf. al. § 28 a andre ledd, jf. tredje ledd.

Eeg konkluderer i sin artikkel, etter ei grundig gjennomgang, at «opphold i samlivet som skyldes samlivsinterne problemer ikkje på prinsipielt grunnlag utelukkes som «liknande omstende».<sup>31</sup> Moment som talte for denne ordlydsforståinga kjem i dei to neste avsnitta.

For det første skriver Eeg at «liknande omstende» bør gisast eit snevert bruksområde på bakgrunn av omsynet til å føresjå rettsvissa ved avgrensing av arverettigheitar fastsett ved lov.<sup>32</sup> Tyngda av dette argumentet bør avpassast etter kva gruppe arvingar som normalt vil tena på at attlevande sambuars rett til arv og uskifte fell vekk ved at vedkomande ikkje lengre er i eit «sambuarskap» etter al. § 28 a første ledd. Legalarverett har berre den sambuar som har, har hatt eller ventar barn saman med avdøde på tidspunktet for dødsfallet, og dette tilseier at ein må skilje mellom dei tilfelle der det er særkullsbarn eller ei etter avdøde. Dette fordi særskullsbarn har større interesse i attlevande sambuar ikkje har legalarverett. Likevel har lovgivar valt, etter ei interesseavveging, at sambuarar har legalarverett på inntil 4G jamvel om det er (sær)livsarvingar etter avdøde.<sup>33</sup> Slik eg forstår Eeg må ein vera varsam med å omfatte opphald i samlivet som skriver seg frå samlivsinterne problem under «liknande omstende» der avdøde har både fellesbarn og særkullsbarn. Når det gjeld situasjonen med eit sambuarpar med berre fellesbarn, vil desse barna berre få eit utsatt arveoppgjær fram til skiftet skjer.. Skiftet skjer anten ved at attlevande sambuar ynskjer det eller må skifte, eller etter lengstlevande sambuar er død, så framt fellesbarna overlever lengstlevande. Situasjonen der

---

<sup>31</sup> Thomas Eeg, «Samboeres arve- og uskifterettslige stilling», *Tidsskrift for familierett, arverett- og barnevernrettslige spørsmål*, 2010 s. 25-59 (s. 39)

<sup>32</sup> Ibid s. 37

<sup>33</sup> Sjø al. § 28 b første ledd første punktum

det berre er felles barn tilseier at opphald i samlivet som skuldast samlivsinterne problem kan omfattast av «liknande omstende», jf. al. § 28 a andre ledd.

For det andre ser Eeg hen til ektemakars situasjon når det gjeld separasjon og skilsmisse.<sup>34</sup> Dersom ein ektemake døyr, har framleis attlevande ektemaken rett på legalarv og uskifte dersom ektemakane var separert utan dom eller løyve, jf. al. § 8. Separasjon utan dom eller løyve skjer ved at ektemakane har levd åtskilt frå kvarandre, jf. sjå el. § 22. For å krevja skilsmisse må anten ektemakane ha vore separert i eitt år eller levd åtskilt i minst to år, jf. el. §§ 21 og 22. Føremålet med al. § 8 er å gi ein retts teknisk enkel regel for når arverettslege rettigheitar sluttar å gjelde for ektemakar, men samstundes gir føresegna også ektemakar fridom til å ha tenkepausar i samlivet utan at dei mistar lovfesta rett til arv og uskifte. Til samanlikning bør også sambuarar gis åtgang til å ha legalarverett og uskifterett i tilsvarende situasjon. Dette talar for at opphald i samlivet som skuldast samlivsinterne problem er omfatta av «liknande omstende», jf. al. § 28 a andre ledd.

Der ein kjem til at samlivsinterne problem er omfatta av «liknande omstende», må ein gjere ei heilskapsvurdering der vurderingstema er om det etter partanes livssituasjon samla sett er rimeleg å sjå partane som sambuarar eller ei. Eeg gir i sin artikkelen visse moment for eller mot at sambuarskapet står ved lag.

Eit moment kan vere at ektemakar med fellesbarn under 16 år må møte til mekling om foreldreansvar, samværsrett og fast bustad for barnet/barna, før separasjonsløyve eller skilsmisселøyve etter el. §§ 20 og 22 kan gis av retten eller fylkesmanen, jf. bl. § 51 andre ledd.<sup>35</sup> Ved samlivsbrot for sambuarar, gjeld også kravet om mekling dersom paret har fellesbarn under 16 år, jf. bl. § 51 tredje ledd. Gjennomført mekling gir eit sterkt haldepunkt for å seie at samlivet er over.

Eit anna moment kan vere at ein sambuar kan ta frå den andre sambauaren legalarveretten ved testament som den andre har fått kunnskap om før testator døde, jf. al. § 28 b andre ledd.<sup>36</sup> Men dersom det er umogleg eller urimeleg vanskeleg å varsle etter omstenda, gjeld likevel ikkje kunnskapskravet, jf. andre ledd. Unntak frå varslinga kan tenkjast der den eine sambuaren har stukke av utan å seie kvar han bur. Om ein sambuar trudde at sambuarskapet

---

<sup>34</sup> Thomas Eeg, «Samboeres arve- og uskifterettslige stilling», *Tidsskrift for familierett, arverett- og barnevernrettslige spørsmål*, 2010 s. 25-59 (s. 36)

<sup>35</sup> *Ibid* s. 36-37

<sup>36</sup> *Ibid* s. 38-39

var over då denne tok frå retten til arv frå den andre sambuaren ved testament, kan det vera tvilsamt om oppmodinga til å oppretta slikt testament er særleg sterk. Dette fordi vilkåret for arverett er at sambuarskapet står ved lag. Jamvel om ein trur at sambuarskapet er over, kan det framleis vere lurt å ta frå arve- og uskifterettigheitlar ved testament for tryggleiks skuld.

Det kan også vere eit moment i heilskapsvurderinga om sambuarparet har gått frå kvarandre og akseptert og innretta seg etter den nye status.<sup>37</sup> Dette fordi det talar mot at det var eit mellombels samlivsbrot. Til illustrasjon er Hålogaland lagmannsretts dom 3. mars 2009.<sup>38</sup> Etter samlivsproblem sumaren 2003 hadde manen flytta ned i kjellarleilegheita til parets tidlegare felles bustad der kvinna framleis budde. Etter ei konkret vurdering fann retten at slik partane hadde innretta seg, måtte samlivet vera over då manen døydde fira år seinare. Jamvel om det gjensidige testament ikkje var tilbakekalla eller endra, konkluderte retten med at samlivet var over. Dette fordi testamentet truleg skulle berre gjelde om samlivet stod ved lag, og ikkje ved oppløysing av samlivet. Det avgjerande for retten var at manen hadde endra åtferd i tillegg til at ordninga på økonomien var endra.

Til slutt følgjer det av artikkelen at utgangspunktet er at den som pretenderer å ha arverett, må prova at vilkåra for sambuarskap er oppfylt på tidspunktet for dødsfallet.<sup>39</sup> I så måte ved at dess kortare tid samlivet stod ved lag og dess lengre tid opphaldet varte, desto mindre plausibelt vil det vera at sambuarskapet stod ved lag på tidspunktet for dødsfallet.

Eg er samd i konklusjonen til Eeg om at opphald i samlivet, som skuldast samlivsinterne problem, kan omfattast av «liknande omstende». Dette fordi det kan vera vanskeleg å prova kva som var årsaka til at partane for ei tid budde frå kvarandre på grunn, til dømes om det var arbeid, samlivsinterne problem eller begge deler. For å unngå vanskelege provspørsmål, bør difor vurderinga etter § 28 a andre ledd omfatte samlivsinterne problem under «liknande omstende». Til støtte for dette passar også vurderingstemaet, «om det etter partenes livssituasjon samlet sett er rimelig å anse partene som samboere» inn for situasjonen der det er samlivsinterne problem også.<sup>40</sup>

## 2.2.5 «Ekteskapsliknande forhold»

---

<sup>37</sup> Thomas Eeg, «Samboeres arve- og uskifterettslige stilling», *Tidsskrift for familierett, arverett- og barnevernrettslige spørsmål*, 2010 s. 25-59 (s. 38)

<sup>38</sup> LH-2008-172266

<sup>39</sup> Sjø Thomas Eeg, «Samboeres arve- og uskifterettslige stilling», *Tidsskrift for familierett, arverett- og barnevernrettslige spørsmål*, 2010 s. 25-59 (s. 39) og Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 21

<sup>40</sup> Ot.prp. nr.73 (2007-2008) s. 18

Siste kriteriet for å oppfylle sambuarskap etter arvelova, er at sambuarskapet må vera «ekteskapsliknande». Naturleg språkleg forståing av uttrykket er eit samlivsfellesskap som liknar på det ein normalt finn i ekteskap, men det gir i seg sjølv inga avgrensing.

Departementet la i proposisjonen til grunn at uttrykket inneheld visse hovudprinsipp: «For det første må det dreie seg om et parforhold. For det andre må paret ha felles husholdning og felles faktisk bosted. For det tredje må det være et samliv som viser eller tar sikte på en viss stabilitet.»<sup>41</sup>

Proposisjonen visar til at det må gjerast ei konkret heilskapsvurdering for om vilkåret «ekteskapsliknande forhold» er oppfylt.<sup>42</sup> Eit viktige moment i vurderinga vil vera om paret har felles økonomi, men det er ikkje naudsynt å ha det.<sup>43</sup> Vidare presiserast det i proposisjonen at partanes seksuelle forhold til kvarandre ikkje er eit vilkår, anten dei har slikt forhold eller ei.<sup>44</sup>

---

<sup>41</sup> Høringsnotat (2007) s. 17, jf. Ot.prp. nr.73 (2007-2008) s.17-18.

<sup>42</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 46

<sup>43</sup> Ibid s. 46

<sup>44</sup> Ibid s. 46



# 3 Ein sambuars rett til arv og uskifte etter arvelova

## 3.1 Felles tilleggsvilkår for arv og uskifte

### 3.1.1 Utgangspunkt

I tillegg til vilkåret om «sambuarskap», må også tilleggsvilkåra for arv og uskifte for sambuarar vera oppfylt. Desse to kumulative tilleggsvilkåra er at ein må vera «sambuar med den avdøde ved dødsfallet» og «har, har hatt eller ventar barn med den avdøde», jf. §§ 28 b og 28 c, begge sitt første ledd første punktum.

### 3.1.2 «Sambuar med den avdøde ved dødsfallet»

Den naturleg språkleg forståinga av uttrykket «sambuar med den avdøde ved dødsfallet» tilseier at sambuarskapet må stå ved lag på tidspunktet for dødsfallet.<sup>45</sup> Dette inneber at utgangspunktet er at sambuarane faktisk må bu saman når den eine dør for at attlevande sambuar skal få arve- og uskifterettigheitar etter lova. Når det gjeld utgangspunktet om sambuarskap ved dødsfallet og unntaka frå det, visast det til framstillinga under punkt 2.2.4.2 om verknaden av at sambuarane for ei tid bur frå kvarandre når den eine dør.

### 3.1.3 «Har, har hatt eller ventar barn med avdøde»

#### 3.1.3.1 Innleiing

Arvelova stillar i tillegg til at sambuarskapet må stå ved lag på tidspunktet for dødsfallet, også eit vilkår om at attlevande sambuar «har, har hatt eller ventar barn med den avdøde».<sup>46</sup>

Tilleggsvilkåret er fellesbarn, og det er barnelovas (heretter bl.) kapittel 2 supplert andre lover

---

<sup>45</sup> Jf. al. §§ 28 b og 28 c, begge sitt første ledd første punktum.

<sup>46</sup> jf. al. §§ 28 b og 28 c, begge sitt første ledd første punktum.

som avgjere kven som er mor og far eller medmor til barnet.<sup>47</sup> Morskap etablerast ved at kvinna føder barnet, jf. bl. § 2. Eit barn har anten far og ei medmor, i tillegg til mora si, jf. bl. § 4 a første og andre ledd. Medmor til barnet er den kvinna som har samtykka til assistert befrukting av mora til barnet, jf. bl. § 4 a første ledd, jf. bioteknologiloven (heretter biotl.) § 2-2.<sup>48</sup>

Når det gjeld farskap og medmorskap skil barnelova mellom gifte og sambuarar. For ektemakar følgjer det av § 3 første og andre ledd at ein i kraft av ekteskapet automatisk blir far eller medmor til barnet, medan ein sambuar må vedkjenna seg farskap eller medmorskap gjennom ei fråsegn, jf. § 4. Fråsegna må vera gjeven av den som mora har gjeve opp som far eller medmor, eller når mora skriftleg har godteke fråsegna frå ein av dei, jf. § 4 andre ledd, jf. fjerde ledd.

Vidare følgjer det av § 9 at ein kan få dom for farskap om vilkåra i § 3 eller § 4 er oppfylt. Tilsvarande gjeld også for dom for medmorskap, jf. § 9 fjerde ledd, jf. § 4 a tredje ledd.

Når det gjeld adopsjon, kan både ektepar, registrert partnarar og sambuarar adoptere og stebarnsadoptere, jf. adopsjonsloven (heretter adl.) §§ 5, 5a og 5b.<sup>49</sup> Ved adopsjon adopterer begge partar i samlivet barnet, medan det er den som ikkje er forelder til barnet som adopterer den andre sitt barn ved stebarnsadopsjon.

Proposisjonen grunnjev valet om barn som kriterium for lovfesta rett til arv og uskifte fordi «samboerskapet gjerne (bærer) preg av å være et livsfellesskap».<sup>50</sup> Lødrup og Asland grunnjev barn som kriterium dels ved omsynet til retts teknisk enkle reglar når ein vel kva sambuarar som skal ha rett til arverett og dels fordi sambuarar som har fellesbarn, i motsetnad til sambuarar utan slike, er ei meir einsarta gruppe.<sup>51</sup> Vidare vil attlevande sambuar framleis ha ei omsorgsplikt ovanfor fellesbarn om dei er umyndige, og difor er arva til stor hjelp.<sup>52</sup>

### 3.1.3.2 Har barn

---

<sup>47</sup> Lov 8.april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova). Reglar om farskap og morskap blei endra ved lov 21. juni 2013 nr. 64

<sup>48</sup> Lov 5.desember 2003 nr. 100 om humanmedisinsk bruk av bioteknologi m.m. (bioteknologiloven). Ved lov 27. juni 2008 nr. 53 fekk kvinner i sambuarskap også rett til assistert befrukting.

<sup>49</sup> Lov 28.februar 1986 nr. 8 om adopsjon. Ved endringslova 25.april 2014 nr. 13 fekk sambuarar rett til å adoptere og stebarnsadoptere og endringane tredde i kraft frå og med 1.oktober 2014.

<sup>50</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 25

<sup>51</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 81-82

<sup>52</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 17-18

Ordlyden «har barn» omfattar alle barn som er fødd og i live, uansett alder og om barnet er sambuarparets biologiske- eller adoptivbarn. Er sambuarparets fellesbarn i annan fosterheim, omfattast situasjonen av ordlyden. Når det gjelder tilfelle der sambuarparet har eit fosterbarn i sin eigen husstand, går det fram av førearbeida at det då ikkje vil vere tale om fellesbarn.<sup>53</sup>

### 3.1.3.3 Har hatt barn

Lova omfattar også dei situasjonar der sambuarane «har hatt(...)barn med avdøde». Det vil seie dei tilfelle der barnet er død. Om grunngjevinga for lovfesta rett til arv og uskifte for attlevande sambuar, går det fram av proposisjonen at det ville vore urimeleg om eit barns død skulle føre til rettstap for attlevande.<sup>54</sup>

I utgangspunktet kan ordlyden også omfatte situasjonen der parets fellesbarn er adoptert vekk.<sup>55</sup> Også Lødrup nemnar adopsjon under ordlydsforståinga.<sup>56</sup> Det kan vere tale om vanleg samtykkjeadopsjon eller dei meir sjeldne tilfella av tvangsadopsjon frå barnevernets si side etter barnevernloven § 4-20.<sup>57</sup> Omsynet til retts teknisk enkle reglar tilseie at lovteksten bør praktiserast likt for begge situasjonar, jamvel om det kan tenkjast at retten til arv og uskifte burde ikkje burde omfatte sjølvvald adopsjon. Følgjeleg omfattar vilkåret «har hatt ... barn» adopsjonen jamvel om det er sjølvvald eller ei.

### 3.1.3.4 Ventar barn

Ordlyden «ventar barn» omfattar situasjonar der kvinna er gravid og døyr under svangerskapet, og der den gravide kvinna mistar sin sambuar. Omsynet til både den gravide kvinna og hennar sambuar tilseier at attlevande sambuar gis rett til arv etter lova og uskifterett til felles heim og innbu.<sup>58</sup>

Ein meir uklår situasjon vil vera om vilkåret «ventar barn» er oppfylt når sambuarparet er under adopsjonsprosessen og i så fall kor langt i prosessen ein må vera komen når den eine sambuaren døyr for å oppfylle vilkåret. Åtgangen for sambuarar til å adoptere er tidlegare gjennomgått i punkt 3.1.3.1.

---

<sup>53</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 25 og 47

<sup>54</sup> Ibid s. 28

<sup>55</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 82

<sup>56</sup> Ibid s. 82

<sup>57</sup> Lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernloven).

<sup>58</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 29

Ordlyden «ventar barn» visar til tidsperioden før barnet kjem, men der det framleis er klårt at det vil kome eit barn. Uttrykket brukast i daglegtalet mest om perioden før ein fødsel, men ordlyden stengjer ikkje i seg sjølv for at det kan vera tale om sambuarpar som venter på at eit adoptivbarn skal komme.

Ein adopsjonsprosess kan ta lang tid, og det kan stillast spørsmål om «vente barn» omfattar heile adopsjonsprosessen, eller om det bør krevjast meir konkrete haldepunkt for at barnet skal kome, og moglegvis om det må vere tale om eit individualisert barn.

Førearbeida til endringslova seier ingenting om «ventar barn» omfattar adopsjonsprosessen, men departementet uttalte på generelt grunnlag om vilkåret at «det kan være rimelig å gi arverett når samboerne venter barn sammen, blant annet av hensyn til barnet».<sup>59</sup> Slik eg lesar førearbeida, må det vera ein viss form for tryggleik for barnet at foreldra har arve- og uskifterett etter kvarandre i kraft av arvelova for å kunne gi barnet økonomisk tryggleik. Til støtte for dette kjem også al. § 71 første ledd som visar at ufødde barn må vera avla for å ha rett til arv når arvelataren (den eine sambuaren) døy, ved mindre noko anna er fastsett i testament, jf. andre ledd. Dette inneber at omsynet til barnet kjem like sterkt inn uansett om barnet adopterast eller ei, men gode grunnar talar for at også adoptivbarnet bør vere avla, og kanskje bør adoptivforeldra få individualisert eit barn før «ventar barn» er oppfylt.

Jamvel om ordlyden og førearbeida ikkje i utgangspunktet stengjer for at «ventar barn» omfattar adopsjonsprosessen, bør det vere klare haldepunkt i adopsjonsprosessen for alle typar adopsjon som kan markere på kva tidspunkt ein «ventar barn» slik at ein får ein best mogleg retts teknisk enkel regel. Om slike klare haldepunkt ikkje finst, bør lova tolkast snevert til ikkje å omfatta situasjonen med adopsjonsprosess.

Det følgjer av adl. § 1 første ledd at adopsjon skjer ved løyve frå departementet.

For adopsjon av barn frå utlandet, krev adl. § 16 e «forhåndssamtykke fra departementet». Ventetida frå ein blir godkjend som adopsjonssøkar i Noreg til ein blir godkjend i barnets heimland og får individualisert eit barn, tar lang tid. Jamvel om forhåndssamtykkje er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast over, har adoptivforeldra ikkje noko rett på eit barn om ikkje dei blir godkjende i eit adopsjonsland.<sup>60</sup> Forhåndssamtykkje vil vera eit uklårt haldepunkt, og dette talar for at adoptivforeldra bør godkjennast og barnet bør

---

<sup>59</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 23

<sup>60</sup> Lov 10. februar 1967 om lov om behandlingssaker i forvaltningssaker (forvaltningsloven)

individualiserast først. Er eit barn individualisert, vil det tale for at det er tilstrekkeleg haldepunkt for å seie at «ventar barn» er oppfylt då det berre står att formalitetar ved henting av barnet og registrering av adoptivbarnet i norske system etter heimreisa.

For anna type adopsjon enn barn adoptert frå utlandet, er det ikkje mogleg å få forhandssamtykkje frå den norske stat, jf. § 1. Det inneber at adopsjon av fosterbarn, stebarn eller vanleg adopsjon av barn frå Noreg krev adopsjonsløyve frå den norske stat etter at barnet er individualisert. Når adopsjonsløyve gis vil barnet gis rettslege rettigheitar ovanfor sine adoptivforeldre, og såleis vere omfatta av vilkåret «har barn» i punkt 3.1.3.2, jf. adl. § 13. Dette tydar på at det for innanlandsadopsjon ikkje finst nokre klare haldepunkt for når i adopsjonsprosessen ein «ventar barn», slik at dette talar for at vilkåret ikkje omfattar adopsjonsprosessen.

Som vist til over, er det gode grunnar ved utanlandsadopsjon for å tolke «ventar barn» til å omfatta adopsjonsprosessen viss forhandssamtykkje er gitt, adoptivforeldra er godkjend i barnets heimland, barnet er individualisert og det berre står att formalitetar med å hente barnet og registrere det i norske registre. På den andre sida vil det heile tida vera eit uvissemoment ved innanlandsadopsjon då adopsjonsløyve gis på slutten av ein lang adopsjonsprosess etter at dei naudsynte samtykkjer og utsegn frå sakas partar er henta inn, jf. adl. §§ 5 b, 6 og 7. Uvissa ved innanlandsadopsjon inneber at samtykkje kan trekkjast tilbake heilt fram til adopsjonsløyve etter adl. § 1 giast, slik at det å individualisere eit barn vil vera lite hjelpsam for adoptivforeldra då det står att mykje av adopsjonsprosessen.

Etter gjennomgangen over kan eit krav om å individualisere eit barnet ikkje gi tilstrekkeleg haldepunkt for om «ventar barn» omfattar adopsjonsprosessen. Å individualisere barnet skjer anten etter forhandssamtykkje(adopsjonsløyve) ved utanlandsadopsjon eller før adopsjonsløyve gis i andre adopsjonstilfelle. Difor har eg valt, under tvil, at ein bør handsama ordlyden «ventar barn» likt for alle typar adopsjon for å unngå ein urimeleg og vilkårleg rettsregel for adoptivforeldres arverettslege stilling etter arvelova. På dette grunnlag bør «ventar barn» ikkje omfatte adopsjonsprosessen etter mi meining. Alternativet for barnlause sambuarar i ein adopsjonsprosess er å tilgodesjå kvarandre fullt ut i testament. Dersom sambuarparet har særkullsbarn vil testasjonsfridomen bli avgrensa av reglane om pliktdelsarv for livsarvingar, sjå nærare gjennomgang i punkta 4.2.2 og 4.3.2.

Eit anna spørsmål «ventar barn» reiser er om vilkåret omfattar at sambuarparet tidlegare har venta barn saman. Det vil seie situasjonen der kvinna har abortert, anten sjølvvald eller ei.

Ut frå samanhengen i al. §§ 28 b og 28 c, begge sitt første ledd første punktum, bør «venter barn» lesast i samanheng med «ved dødsfallet» i same setning. Lovas oppbygging talar mot at tidlegare graviditet omfattast, jamvel om paret har mista eit ufødd barn. Følgjeleg omfattar «ventar barn» ikkje tidlegare graviditetar som har resultert i abort, anten sjølvvald eller ei.

## **3.2 Rett til arv, jf. al. § 28 b**

Dersom ein oppfyller vilkåra om å vera sambuar med avdøde tidspunktet for dødsfallet og har, har hatt eller ventar barn med avdøde, vil den attlevande ha ei lovbestemd rett til arv, jf. al. § 28 b første ledd første punktum. Attlevande sambuars legalarverett har ei øvre grensa på 4G, jf. al. § 28 b første ledd første punktum. Grunnbeløpet regulerast 1. mai kvart år av Stortinget, jf. folketrygdloven (heretter ftrl.) § 1-4. Per 1.mai 2015 utgjere grunnbeløpet kr 90 068.<sup>61</sup> Maksimal legalarv utgjere kr. 360 272 (4G), og attlevande vil arva alt dersom dødsbuet er på 4G eller under.

Den øvre grensa på 4G gjeld uavhengig av kven avdøde sine arvingar etter lova er, så framt avdøde sine barn ikkje har krav på forlottsrett etter § 36 som skal dekkjast først i dødsbuet, jf. § 37 andre ledd.<sup>62</sup> Det overskytande beløp av dødsbuet følgjer dei allmenne reglar om arv etter lova eller testament.

Det er verdt å merkja seg at arvelatar kan i testament redusera heilt eller delvis sambuarens legalarveretten (sjå punkt 3.4) eller gi testamentsarv i tillegg til legalarva med dei avgrensingar lova set for arvelatar til å råde over formuen ved testament (sjå kapittel 4).

## **3.3 Rett til uskifte, jf. al. § 28 c**

### **3.3.1 Uskifteretten til ektemakar**

---

<sup>61</sup> Lov 28.februar 1997 nr. 19 folketrygdloven (ftrl.) § 1-4, og grunnbeløpets storleik er tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/nb/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/innsikt/trygd/regulering-av-folketrygdens-grunnbelop-og-pensjoner/id2008616/> (Henta 27.05.2015)

<sup>62</sup> Sjå punkt 4.3.2 om forlottsrett for barn

Uskifte inneber at skiftet mellom arvingane utsetjast, og åtgangen til uskifte har tradisjonelt vore knytt til ekteskap. For ektemakar inneber uskifte at arveoppgjeret med førstavdøde ektemakes arvingar blir utsatt og at attlevande ektemake overtar den førstavdøde ektemakes formue. Ei følgje av å sitje i uskifte er at attlevande ektemake blir personeleg ansvarleg for all gjeld som kvilte på avdøde, jf. § 20. Uskifteretten har nær samanheng med formueordninga felleseige for ektemakar, jf. el. § 58 første ledd. I det følgjande avsnitta blir det kort gått gjennom formueordningane for ektemakar og deira rett til uskifte for å betre skjøna kvifor reglane for uskifte for sambuarar er som dei er.

Felleseige og særeige er omgrep som blir brukt til å avgjera kva som skal gå inn i likedelingsgrunnlaget ved oppløysing av ekteskapet ved skilsmisse eller ved den eine sitt dødsfall, og kva som skal haldast utanfor. Omgrepet felleseige knyter seg berre til eignedelens verdi, slik at ein eignedel kan vera i den eine ektemakens eineeige samstundes som verdien er ein del av felleseiget. Det er berre felleseigemidlar som skal likedelast. Ein ektemake som har midlar i særeige kan halde desse utanfor delingsoppgjeret.

Utgangspunktet er at alt ektemakane eiger er felleseigemidlar, medan særeige krev særskild vedtaking, jf. el. § 58 første ledd. Normalt vil særeige for heile eller delar av tingen vera fastsett gjennom ektepakt (jf. el. § 42), men særeige kan også vera avgjort av ein givar til ektemaken (el. § 48 andre punktum) eller ektemaken har fått pliktdelsarv som er fastsett særeige på (al. § 31).

I mangel av avtalar om særeige, har ekteparet fullt ut felleseige. Det følgjer av al. § 9 første ledd at attlevande ektemake har rett til å overta «felleseiga» uskift med første og andre arvegangsklasse, jf. al. § 6 andre ledd. Tilsvarande rett har attlevande ektemake med omsyn til «særeige» dersom det er fastsett i ektepakt (jf. el. § 43 uskifte) eller når arvingane gir sitt samtykkje, jf. § 9 andre ledd. Dersom arvelatar har særkullsbarn krevjast det samtykkje frå dei til attlevande ektemake, uansett om avdøde sin formue er felleseige eller særeige, jf. al. § 10.

### **3.3.2 Vilkår for uskifteretten til sambuarar**

#### **3.3.2.1 Innleiing**

Sambuarar har fått ein avgrensa rett til å sitje i uskifte etter al. § 28 c. Dei same tre kumulative vilkåra for retten til arv gjeld også for retten til å sitje i uskifte. Vilkåra er at ein må vera ein sambuar som lever i «sambuarskap» «med den avdøde ved dødsfallet» og «har, har hatt eller ventar barn med den avdøde», jf. §§ 28 b og 28 c, begge sitt første ledd første punktum.

### 3.3.2.2 Særkullsbarn må samtykkje til uskifte

Det følgjer av § 28 c andre ledd første punktum at attlevande sambuar ikkje har rett til uskifte ovanfor avdøde sine særkullsbarn. Desse må i så fall gi sitt samtykkje, jf. al. § 28 c tredje ledd første punktum, som gir reglane i § 10 tilsvarende bruk.

### 3.3.2.3 Eksisterande uskift bu må skiftast

Det følgjer av § 28 b andre ledd andre og tredje punktum ein regel om at eksisterande uskift bu må skiftast. Omsynet bak regelen er at ein skal unngå kolliderande uskifta bu. Regelen i føresegna gjelder både der attlevande sambuar sit i uskifta bu etter tidlegare sambuar (andre punktum) og der avdøde sambuar sat i uskifta bu etter sin tidlegare avdøde sambuar (tredje punktum). I begge situasjonar må attlevande sambuar skifte det eksisterande dødsbuet før vedkomande kan gå inn i eit nytt uskift bu. Vel ein sitje i uskifte, vil ein framleis ha rett på legalarva si etter sin noverande avdøde sambuar etter § 28 b første ledd, då det ikkje er til hinder for sambuarskap etter § 28 a at ein sit i uskift bu frå ein tidlegare ektemake eller sambuar.<sup>63</sup> Sjå meir om valretten mellom legalarv og uskifte i punkt 3.4.

Regelen i § 28 c andre ledd andre punktum reiser eit spørsmål om det er tilstrekkeleg å krevja skifte eller om skiftet faktisk må vera gjennomført.

Det følgjer av tredje punktum at det eksisterande buet må vera «skift» før avdøde kan ta over uskift, men tilsvarende lovtekst følgjer ikkje av andre punktum. Ordlyden «skift» tilseier at skiftet er gjennomført.

Ut frå ordlyden og samanhengen mellom andre og tredje punktum, samt omsyna til å unngå kolliderande bu, konkluderer Eeg med at det må vera gjennomført skifte for at attlevande sambuar skal kunne overta dødsbuet uskifta<sup>64</sup>. Eg er samd med konklusjonen. Dersom det er mange arvingar som ventar på arva si frå det eksisterande uskiftebuets verdiar, er det lurt for

---

<sup>63</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 46

<sup>64</sup> Thomas Eeg (2010) s. 47



attlevande å skifte for å vite korleis økonomien er etter skiftet er gjennomført. På denne måten får attlevande ein betre økonomisk oversikt til å vurdere om skifte eller uskifte etter (nyleg) avdøde sambuar er ynskjeleg. Som regel er det ikkje trong for å ta over uskift om ein har råd til å løyse ut avdøde sine arvingar.

#### 3.3.2.4 Skiftemelding

Ein attlevande sambuar som vil nytta retten til uskifte, må senda melding om dette til tingretten innan 60 dagar etter dødsfallet, jf. al. § 28 g, jf. skifteloven (heretter sl.) § 81.<sup>65</sup> Retten kan fastsetja ein lengre eller kortare tidsfrist om den finn grunn til det, irekna forlenge ein gitt frist, jf. § 81 tredje punktum.

### 3.3.3 Omfanget av uskiftebuet

#### 3.3.3.1 Innleiing

Sidan formueordningane – felleseige eller særeige – ikkje gjeld for sambuarar, blir det eigarforholdet som styrar kva som skal skje med eigedelane ved oppløysinga av eit sambuarskap. Omfanget av uskifteretten for sambuarar knyter seg til visse aktiva, og ofte omfattar desse aktiva ikkje heile dødsbuet (både formue og gjeld) til avdøde .

Justisdepartementet peikte på at avgrensinga av uskiftebuet må sjåast i samanheng med gjeldsansvaret etter den avdøde. For ektemakar som tar over felleseige (eventuelt også særeige) uskifta, må attlevande ektemake ta over gjeldsansvaret fullt ut, jf. al. 20.

Gjeldsansvar gjeld også for sambuarar som ynskjer å ta over «eigedelar» uskift, jf. al. § 28 d. Sidan omfanget av uskiftebuet for sambuarar knyter seg til visse aktiva, meinte departementet at det ikkje var rimeleg med gjeldsansvar ved mindre retten til uskifte omfatta det vesentlegaste av eigedelar gjelda normalt relaterte seg til. Departementet la til grunn at dei vesentlegaste eigedelar med gjeld knytt til seg, vil for folk flest vera felles bustad, innbu, bil og fritidseigedom.<sup>66</sup>

Uskifteretten omfattar i utgangspunktet «felles bustad og innbu», «bil og fritidseigedom med innbu som tente til felles bruk for sambuarane», jf. al. § 28 c første ledd bokstav a og b. Det

---

<sup>65</sup> Lov 21.februar 1930 om skifte (skifteloven)

<sup>66</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 40–41

følgjer av første ledd at utgangspunktet er at attlevande sit i uskifte med «eigedelar som den avdøde åtte».

Med lovteksten «eigedelar som den avdøde åtte» forståast det alt avdøde var eigar av, anten som eineeigar eller sameigar i. Det vil seie at uskifteretten vil vera unyttig om det er attlevande sambuar som er eineeigar av eigedelane.

Det som naturleg fell utanfor ordlyden i første ledd bokstav a og b er bankkonti, verdipapir, kontantar, utleigeiegedom og andre finansaktiva. For sambuarpar som har plassert mesteparten av sin kapital i slike aktiva, kan løysinga for paret vere å opprette testament for å gi kvarandre utvida uskifterett etter § 28 første ledd andre punktum, sjå punkt 3.3.4.

Nedanfor blir det gjennomgått dei ulike typar aktiva uskifteretten etter lova omfattar, og nokre tolkingsspørsmål knyta til lovteksten.

### 3.3.3.2 «felles bustad og innbu»

Bokstav a omfattar for det første sambuaranes «felles bustad». Den naturlege språklege forståinga av «felles bustad» er den faste bustaden sambuarane hadde saman då den første av dei døde. Ordlyden seier ingenting om det gjeld noko verdiavgrensing eller om bustaden må vera skaffa før eller under samlivet. Det går fram av førearbeida at uskifteretten gjelder uavhengig av bustadens verdi, plassering og om bustaden er skaffa før eller under samlivet.<sup>67</sup> Då bustaden må vera parets faste «felles bustad», omfattar ordlyden ikkje pendlarbustad til avdøde. Førearbeida støttar også opp om dette.<sup>68</sup>

Vidare gir felles bustad nokre tolkingsspørsmål.

For det første er «bustad» omtalt i ubestemd form i eintal. Det kan tyda på at ein ikkje skal kunne sitja i uskifte med fleire felles bustadar viss sambuarane hadde det. I følgje Asland talar avgrensinga for, ut frå synspunkt om attlevande ikkje treng meir enn ein felles bustad, at ein ordlyden berre omfattar ein felles bustad.<sup>69</sup> Under punkt 3.3.3.4 drøftast det om uskifteretten kan omfattar meir enn ein type gjenstand av kvar aktiva. Føreset at attlevande sambuar berre har rett på ein felles bustad, kan sambuaren også overta «fritidseigedom...som tente til felles

---

<sup>67</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 29 og 48.

<sup>68</sup> Høringsnotat (2007) s. 42.

<sup>69</sup> John Asland mfl., *Nordisk samboerrett*, Oslo 2014 s. 197–198.

bruk for sambuarane», jf. al. § 28 c første ledd bokstav b Meir om uskifterett til fritidseigedomar kjem nedanfor i punkt 3.3.3.3.

For det andre seier ikkje ordlyden «felles bustad» at den må vera (del av ein) fast eigedom. Etter omstenda kan ein husbåt kvalifiserast som bustad viss sambuarparet faktisk budde der. Når det gjeld campingvogn som paret faktisk budde i, vil det vera meir riktig å vurdere uskifteretten etter alternativet «bil» i § 28 c første ledd bokstav b, sjå punkt 3.3.3.3.

For det tredje er rettstilstanden uklår om sambuaruskiftet omfattar eigedom som kombinerer bustad- og næringsføremål, slik som gardsbruk. Førarbeida er tause, men Rygg, Skarpnes og Falkanger legg til grunn at ein odelseigedom ikkje kan vera gjenstand for sambuaruskifte.<sup>70</sup> Her må det leggjast til grunn at sambuarar uavhengig kan ha rett til bustad på garden etter reglane i odelsloven kapittel IX.<sup>71</sup> Når det gjeld andre kobinerte eigedomar utanom odel, legg Lødrup som eit utgangspunkt til grunn at ein næringsverksemd ikkje omfattast av uskifteretten, og seier at grensa for uskifteretten bør truleg trekkjast etter same line som ektemakars naturalutleggsrett etter sl. § 63.<sup>72</sup> Etter sl. § 63 er eit av fleire vilkår, for at attlevande ektemake skal kunne ta over eigedom som har vore kombinert bustad- og næringsføremål, at «eiendommens hovedsakelige formål har vært å tjene som felles bustad».<sup>73</sup> Etter mi meining bør truleg same vurderingstema også nyttast her, då avdøde si gjeld som attlevande må overta kan vera knytt til den kombinerte eigedomen.

Vidare omfattar bokstav a «innbu». Ordlyden «innbu» tilseier det innbu som følgjer den faste felles bustaden og det er inga verdiavgrensing i ordlyden. Vidare er det ingen krav om at innbuet må vera «vanlig», slik at ein unngår den grensedraginga ein teoretisk sett kan stå ovanfor i enkelte andre føresegn i ekteskapsloven og husstandsfellesskapsloven. I proposisjonen går det fram at det må trekkjast ei grense mot ting som har vore til den attlevande eller den avdøde sitt personlege bruk, til dømes «klede, smykker og forskjellige former for hjelpemidler».<sup>74</sup> Det blir hevda av nokre teoretikarar at hobbyutstyr fell utanfor uskifteretten, men etter mi meining er dette berre eit utgangspunkt.<sup>75</sup> Hobbyutstyr er for mange til personeleg bruk, men det kan også tenkjast at utstyret er til sambuarparets felles hobby og difor bør det omfattast av uskifteretten. Det følgjer vidare av proposisjonen at

---

<sup>70</sup> Ola Rygg, Oluf Skarpnes og Thor Falkanger, *Odelsloven*, 5. utgåve, Oslo 2011 s. 184

<sup>71</sup> Lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova)

<sup>72</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 408

<sup>73</sup> Ibid s. 408

<sup>74</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 48

<sup>75</sup> Lødrup og Asland (2012) s. 408

jamvel om det er inga øvre grense mot innbu av høg verdi, kan samlingar av til dømes kunst, antikvitetar og liknande ikkje vera «innbu» dersom det er reine investeringsobjekt. Dette gjeld uansett om investeringsobjekta bli oppbevart i felles bustad, fritidshus eller andre stadar<sup>76</sup>.

### 3.3.3.3 «bil og fritidseigedom med innbu som tente til felles bruk for sambuarane»

Uskifteretten etter bokstav b omfattar «bil og fritidseigedom med innbu som tente til felles bruk for sambuarane». Etter ei naturleg språkleg forståing kan «som tente til felles bruk for sambuarane» knytast til begge kategoriar eigedelar. Slik er føresegna også meint.<sup>77</sup>

Ordlyden «bil» talar om bilen sambuarparet har felles. Proposisjonen nemnar at bil som bli brukt til gjeremål i familien, vil vera omfatta jamvel om bilen blir brukt berre eller hovudsakeleg av den eine sambuaren.<sup>78</sup> Etter ei naturleg språkeleg forståing av ordlyden «bil» faller truleg motorsyklar og tilbehør til bilar som tilhengarar og campingvogner, utanfor. Når det gjeld campingvogn, kan denne vere omfatta av alternativa «felles bustad» eller «fritidseigedom ... som tente til felles bruk for sambuarane».

Når det gjeld «fritidseigedom med innbu» følgjer det av proposisjonen<sup>79</sup> at innbuet vil svare til det som gjeld for innbu i bustad, sjå nærare under punkt 3.3.3.2. Lovas formulering «fritidseigedom» talar for at campingvogn og husbåtar som tente same føremål som ei hytta, men som ikkje er fast eigedom, ikkje omfattast.

Firmahytter og bilar som hovudsakeleg er brukt i næringsverksemd, fell utanfor lovteksten.<sup>80</sup>

### 3.3.3.4 Uskifterett til meir enn éin bustad, fritidseigedom og bil?

Vidare må det vurderast om uskifteretten kan omfatta meir enn éin bustad, fritidseigedom og bil. Det må haldast utanfor situasjonen der sambuarparet er eineeigarar i kvar sin fritidseigedom. I slike tilfelle vil sambuarane same kva kunne sitje i uskifte med den andre sin fritidseigedom. Derimot vil problemstillinga kome på spissen viss sambuarane er sameigarar i to fritidseigedomar.

---

<sup>76</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 48

<sup>77</sup> Ibid) s. 48

<sup>78</sup> Ibid s. 49

<sup>79</sup> Ibid s. 49

<sup>80</sup> Ibid s. 49

Lovteksten brukar ubestemd form i eintal «felles bustad», «bil» og «fritidseigedom». Det kan tale for at meininga er at uskifteretten berre skal gjelde ein gjenstand av kvar aktiva. På den andre sida ville det vore enkelt å få fram denne meininga ved å nytta artikkel eller bestemd form, som «ein felles bustad» eller «den felles bustad». Det vil seie at ordlydstolkinga gir ikkje noko klårt svar med omsyn til om uskifteretten omfattar meir enn éin frå kvar kategori.

Proposisjonen gir heller ikkje noko svar på om uskifteretten omfattar fleire bustadar eller fritidseigedomar, men det uttalast at «uskifteboet kan omfatte fleire biler enn den bilen den gjenlevende har brukt». <sup>81</sup> Omsynet til retts teknisk enkle reglar tilseier at når «bil» skal forståast med fleire bilar, så bør det same gjelde for «felles bustad» og «fritidseigedom». Dette fordi eintal ubestemt form kan ikkje gis ulikt innhald når den er brukt i same samanheng, nemleg for å vise til omfanget av uskiftebuet. På den andre sida kan ein kanskje hevde at uskifteretten til meir enn éin bustad og éin fritidseigedom bør avgrensast på grunn av omsynet til vedlikehaldsarbeid og kostnader med det, og særleg gjeld det dersom attlevande er av eldre alder. Frantzen drøfter problemstillinga og konkluderer med at «...[det] må antas at uskifteretten omfattar fleire fritidseiendommer og biler». <sup>82</sup> Dette fordi ein må sjå uskiftebuets omfang i samanheng med gjeldsansvaret sambuarane må ta over etter al. § 28 d og spørsmålet for om lova omfatta fleire fritidseigedomar var ikkje drøfta av justisdepartementet i proposisjonen. <sup>83</sup> Eg er samd med Frantzen. Dette fordi proposisjonen grunnjev uskiftebuets omfang av aktiva med at «et så omfattende gjeldsansvar [for attlevande etter § 28 d] er imidlertid ikke rimelig med mindre man gir regler som innebærer at uskifteboet vil omfatte det vesentlige av de eiendeler gjelden normalt relaterer seg til». <sup>84</sup> Eg meiner at dette bør gjelde også om det er fleire av same type eigedel, som til dømes fritidseigedomar og bilar.

### 3.3.3.5 Ombyting av uskiftebuets eigedelar

Sjølv om utgangspunktet er at alt attlevande sambuar eig blir halden utanfor uskiftebuet, kan likevel attlevande sine eigedelar og sameigedel gå inn i uskiftebuet, jf. al. § 28 c fjerde ledd: «Alt den attlevande sambuaren er eller blir eigar av som høyrer naturleg saman med dei eigedelane han eller ho har tatt over uskift, går inn i uskiftebuet.»

---

<sup>81</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 49

<sup>82</sup> Torstein Frantzen, «Rett til arv og uskifte for samboere», *Lov og Rett*, 2009 s. 387–405 (s. 396)

<sup>83</sup> *Ibid* s. 393–396

<sup>84</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 40–41

Ordlyden «høytrer naturleg saman med» tilseier at eigedelar supplerer eller utfyllar eigedelar som blir overtatt uskifta.

Ligger bustaden, innbuet, bilen og fritidseigedomen i sameige mellom sambuarane, vil begge sin del gå inn i uskiftebuet. Fornying av innbu vil også blir ein del av uskiftebuet. Det går fram av proposisjonen at «verdistigning ved vedlikehold, oppussing eller påbygging av boligen, ... vil gå inn som en del av uskifteboet».<sup>85</sup> Dersom attlevande sel bustaden og kjøpar ein annan frå pengane, vil den nye bustaden og eit eventuelt overskot frå bustadsalet gå inn i uskiftebuet.<sup>86</sup>

### 3.3.4 Åtgangen til å utvide uskifteretten

For nokre sambuarar kan arvelovas forslag til eigedelar ein sit i uskifte med etter kvarandre vere lite føremålstenleg då til dømes verdiane og gjelda deira er knytt til andre eigedelar enn dei som er omfatta av § 28 c første ledd første punktum, sjå punkt 3.3.3.

Lovgivar har i § 28 c første ledd andre punktum gitt åtgang til å utvida uskifteretten til attlevande sambuar på visse vilkår slik at livsarvingens pliktdel må vike.<sup>87</sup>

Det følgjer av andre punktum at attlevande kan «på same vis» sitje i uskifte med også andre eigedelar enn dei som er nemnd i første punktum, dersom det er «fastsett i testament» eller «arvingane samtykkjer».

Det følgjer av proposisjonen at «på same vis» er meint «å gi uttrykk for at de same regler for uskifteretten som det som gjelder etter første punktum, også gjelder for uskifterett etter annet punktum».<sup>88</sup> Det inneber at grunnvilkåra – sambuar med avdøde ved dødsfallet og fellesbarn – også må vera oppfylt etter andre ledd. Som ein konsekvens av dette er det naturleg at også vilkåret «som den avdøde åtte» i første punktum også må gjelde for dei andre eigedelane ein ynskjer å sitje i uskifte med. Dette fordi attlevande sambuar sine eigedelar er ikkje tema for uskifteretten.

Lovteksten har to alternative grunnlag for å oppnå utvida uskifterett.

---

<sup>85</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 49

<sup>86</sup> Ibid s. 42

<sup>87</sup> Ibid s. 48

<sup>88</sup> Ibid s. 48

Når det gjeld alternativet «fastsatt i testament» følgjer det av proposisjonen at «en utvidelse av uskifteadgangen ved testament vil gå foran de felles livsarvingenes plikt del». <sup>89</sup> Dette inneber at testament er tilstrekkeleg heimel ved fellesbarn. Samtykkjealternativet gjeld for særkullsbarn etter avdøde, noko som er naturleg når samtykkje gjeld også etter første ledd første punktum når det er særkullsbarn, jf. § 28 c andre ledd første punktum, jf. § 10. Samtykkje kan også gjelde for fellesbarn jf. formuleringa «arvingane samtykkjer».

### 3.4 Åtgangen til å innskrenke arve- og uskifterettigheit

Tendensen for sambuarar flest er at dei ikkje er seg sjølv medviten på kva rettigheit og plikter dei har i kraft av å leve i sambuarskap til skilnad frå ekteskap, men for eit fåtal sambuarar kan valet mellom dei to samlivsformer vere valt medvitent. På dette grunnlaget har lovgivar valt å gi sambuarar individuell fridom og sjølvavgjerslerett til å ha åtgang til å innskrenke normalordninga i arvelova kapittel 3 a om rett til arv på 4G og rett til uskifte. <sup>90</sup>

Testator har høve til å avgrense sin sambuars rett på arv og uskifte, jf. al. §§ 28 b andre ledd og 28 c tredje ledd. Begge føresegner har lik lovtekst og vil bli handsama saman.

Det følgjer av begge sin lovtekst at testator kan avgrense heilt eller delvis arve- og uskifteretten dersom det gjerast i testament som attlevande sambuar har «fått kunnskap om før arvelataren døyde», ved mindre det var «umogleg eller det etter tilhøva ville vere urimeleg vanskelig» å varsle vedkommande. Det vil seie at attlevande sambuars rettigheit er ikkje verna etter arvelova mot testamentariske disposisjonar så framt kunnskapskravet eller unntaket frå det er oppfylt.

Ordlyden «fått kunnskap» tilseier positiv kjennskap til avgrensinga av legalarva og uskifteretten. Verken lovteksten eller førearbeida gir svar på om det gjeld formkrav til varselet eller korleis sambuaren må få denne kunnskapen. <sup>91</sup> Lovteksten i § 28 b andre ledd og § 28 c tredje ledd gjort etter mønster av tilsvarende regel for ektemakar i § 7 med same ordlyd, med det unntak av at minste arva på 4G for ektemakar er verna mot testamentariske disposisjonar. <sup>92</sup> For forståinga av kunnskapskravet, følgjer det av førearbeida til § 7 at ein ikkje treng å vise testamentet til ektemaken, men at det er tilstrekkeleg at testators ektemake har fått kunnskap

---

<sup>89</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 43

<sup>90</sup> Ibid s. 24

<sup>91</sup> Ibid s.27

<sup>92</sup> Ibid s. 48

om avgrensinga av arveretten.<sup>93</sup> Rettspraksis støttar også opp dette, jf. bl.a. RG 1966 s. 262 og Rt. 1952 s. 846. Same forståinga av ordlyden i § 7 første punktum må også gjelde for § 28 b andre ledd. Det vil seie at kunnskapskravet er oppfylt om testator eller andre personar informerer sambuaren om innhaldet av testamentet eller viser testamentet før testator dør.

Unntaket frå kunnskapskravet gjeld der det er «umogleg eller det etter tilhøva ville vere urimeleg vanskelig» å varsle testators sambuar. Omgrepa «umogleg» og «urimeleg» er rettslege standardar og det må gjerast ei konkret heilskapsvurdering etter skjønn. Det følgjer av proposisjonen at «en mentalt redusert samboer [som] er innlagt på institusjon» er ein situasjon som unntaket kan gjelde for.<sup>94</sup> Andre situasjonar kan vere der den eine sambuaren er savna eller stukke av utan kjend adresse.

### 3.5 Valet mellom arv og uskifte

Det følgjer av § 28 b tredje ledd at «nyttar ein sambuar retten til uskifte etter § 28 c, skal det berre reknast med arv frå den førstavdøde til den lengstlevande sambuaren etter første ledd dersom uskiftebuet blir skift med dei andre arvingane til den førstavdøde medan den lengstlevande sambuaren lever». Det vil seie at ein sambuar, som vel å sitje i uskifte, kan ikkje samstundes ta i mot arv etter § 28 b.

Konsekvensen av at attlevande vel *uskifte*, er at arvingane etter avdøde vil dele avdøde sine verdiar som ikkje er omfatta i uskiftebuet, utan at attlevande sambuar får noko. Likevel vil attlevande få *arva* si frå verdiane i uskiftebuet dersom vedkomande vel å skifte uskiftebuet i levande live med avdøde sine andre arvingar, jf. al. § 28 b, jf. § 28 e andre punktum. Om det skjer eit skifte av eit uskift bu i live, har attlevande ikkje krav på tilbakeføring av arv som dei andre arvingane har mottatt i form av verdiar som ikkje gjekk inn i uskiftebuet.<sup>95</sup>

I valet mellom arv og uskifte, bør ein hugse på at attlevande må overta all gjeld til avdøde når uskifte blir valt, jf. al. § 28 d. Nettoverdien av uskifteeigedelane til avdøde bør normalt ikkje overstiga legalarva til sambuaren (4G) for at uskifte skal lønna seg for attlevande. Vel sambuaren arv, vil vedkomande vera med å konkurrere om heile avdøde sin formue saman med avdøde sine andre arvingar.

---

<sup>93</sup> Ot.prp. nr. 36 (1968–1969) s. 134

<sup>94</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 48

<sup>95</sup> Ibid s. 48



# 4 Ein sambuars rett til arv etter testament

## 4.1 Innleiing

Ein attlevande sambuar som har rett på arv og uskifte etter arvelova, vil utan testament etter avdøde, få arva fordelt etter lovas del ein, kapitla I–VII. Det inneber at attlevande sambuar får opp til 4G og det overskytande beløpet fordelast på avdøde sine slektningar etter arvelovas allmenne reglar etter kapittel I. Som regel stemmer fordelinga med kven arvelatar ynskjer skal overta sin formue.

Testament må nyttast om sambuarane ynskjer ei anna fordeling av arva enn lova gir, men det finst avgrensingar i testasjonsfridomen etter lova som testator må ta omsyn til. For sambuarar som ikkje har rett på arv og uskifte etter arvelovas del ein, kan også testament vera løysinga.

Reglane om testamentsarv går fram av lovas del to. I testamentet kan testator «fastsetje kva som skal gjerast med det han let etter seg når han døyr» jf. al. § 48 første ledd. Føresegna uttrykker prinsippet om testasjonsfridom, og prinsippet er eit verdsett prinsipp i norsk arverett. Full testasjonsfridom gjeld likevel ikkje då lova har reglar som vernar om minstearva til ektemakar, pliktdelsarva til livsarvingar og forlottsrett for barn av avdøde i visse høve, jf. §§ 7, 29, 36 og 37. For å råde over formue som i utgangspunktet skal gå til livsarvingar og ektemaken, må det liggja føre særskild grunnlag for det, til dømes livsarvingars eller ektemakes samtykkje til krenking eller avkall på arv.

For den vidare framstillinga under dette kapittelet vil eg nytte omgrepet *testasjonskompetanse* om den del av formuen til testator som ikkje er avgrensa av arvelovas reglar.

## 4.2 Avgrensingar i testasjonsfridomen for arvelatar med livsarvingar

### 4.2.1 Innleiing

Arvelova har fleire avgrensingar i testasjonsfridomen, men for ein sambuar er dei viktigaste avgrensingane reglane om pliktdelsarv for arvelatars livsarvingar og forlottsrett til arvelatars barn i visse høve etter §§ 36 og 37. Reglane om pliktdel og forlottsrett gjeld uansett om arvelatar har sambuar i arvelovas forstand eller ei. Testasjonskompetansen for arvelatar ut frå i ulike situasjonar er nærare omtalt under punkt 4.3.

#### **4.2.2 Verna pliktdelsarv for testators livsarvingar, jf. al. § 29**

Det følgjer av al. § 29 andre ledd at arvelatar ikkje kan «rå over» livsarvingars «pliktdelsarv» i testament. Med uttrykket «rå over» visast det til at pliktdelen har både ei grense mot kor stor del av verdiane arvelatar kan disponera over (kvantitativ grense) og ei grense mot kva eigedelar arvelatar kan disponera over (kvalitativ grense).

Med «pliktdelsarv» meinast den formuen testators livsarvingar har krav på som testator ikkje kan råde over i testamentet. Det overskytande beløpet er den reelle testasjonskompetansen til testator.

Livsarvingar til arvelatar er barnet til arvelatar (eventuelt barnets avkom om barnet er død), jf. al. § 1.

Pliktdelsarva si storleik kan variere i *kvantitet*, men som utgangspunkt er den «to tredjepartar av formuen til arvelataren», jf. § 29 første ledd første punktum. Dersom arvelatar er velstående kan pliktdelen kvantitativt avgrensast til kr éin million per barn eller til kvart barns line, likevel såleis at grensa for ein fjernare livsarving er minst kr 200.000 til kvar einskild, jf. § 29 første ledd andre punktum. Det vil seie at pliktdelsarva har ei øvre grensa på éin million, men der det døde barnet til testator har meir enn fem barn vil pliktdelsarva likevel ikkje ha ei øvre grensa på éin million. Testasjonsavgrensingar kan illustrerast ved ein einsleg testator som har formue på kr 12 millionar og barna A og B. Barnet A er i live, medan barnet B er død og har sju barn. Pliktdelsarva til testators livsarvingar er på totalt kr 2,4 millionar ( $\frac{1}{5}$  av 12), noko som gir kr 1 million til A og kr 1,4 millionar til B sine sju barn (kr 200 000 kvar). Testator vil i dette tilfelle berre få sin testasjonsfridom avgrensa med  $\frac{1}{5}$  av sin formue, medan testasjonskompetansen svarar til  $\frac{4}{5}$  av formuen. Testator kan då velje å gi kr 9,6 millionar til sambuaren sin i testament.

Reglane om pliktdel får myke større realitet for sambuarar som har mindre verdiar. Særleg vil det vera problemskapande fordi pliktdelen set grenser for fordelinga av dei enkelte eigedelar i

buet. Dette er pliktdelens *kvalitative* side som inneber eit vern mot testasjonar over dødsbuet enkelte gjenstandar til vern for den enkelte eller alle av arvelatarar livsarvingar. Dersom arvelatarar ynskjer å disponera over konkrete eigedelar, må det vera «særleg heimel» for det, jf. § 29 andre ledd. Ein særleg heimel kan vere § 30 som gir arvelatarar rett til å gi ein livsarving ein konkret gjenstand i arv, så framt tingen ligg innanfor pliktdelsarva til livsarvingen og testasjonskompetansen til arvelatarar. Ynskjer testator at sambuaren hans skal arva bustaden, kan testator ikkje testamentere bustaden viss verdien overstig testasjonskompetansen og sambuarens legalarv.

Dersom testator rår eller vil rå over pliktdelsarva, kan likevel livsarvingar gi samtykkje til krenkinga eller gi avkall på arv, jf. formuleringa «særleg heimel» i § 29 andre ledd. Dette fordi pliktdels reglane er gitt til vern for livsarvingar, og då står livsarvingar fritt til å gi avkall på vernet. Til dømes kan avviket mellom pliktdelsarva og testamentets fordelinga vere utan reell verknad for livsarvingane.

### **4.2.3 Forlottsrett for barn i visse høve, jf. al. §§ 36 og 37**

Med forlottsrett meinast at barnet får eit skjønnsfastsett beløp i tillegg til si ordinære arv.

Arvelova § 36 inneheld to formar for forlottsrett i første og andre punktum. Reglane i første ledd er gitt for å verna arvelatarar barn som ikkje har fått oppfostringa si fullenda når arvelatarar døy, medan andre ledd regulerer heimeveranda barn som utan vederlag har gjort særleg mykje for arvelataren, til dømes stell av sine foreldre.

Dersom retten finn det «rimeleg» etter ei heilskapsvurdering, der det leggjast vekt på blant anna omsyn nemnd i føresegna, skal desse barna prioriterast føre andre livsarvingar, testamentsarvingar, ektemakars og sambuars allmenne legalarverett.

Då forlottsrett fastsetjast etter skjønn, gitt at vilkåra i § 36 er oppfylt, vil handsaminga av sjølve vilkåra og vektlegginga av momenta i føresegna ikkje bli nærare gjennomgått i denne oppgåva. Det sentrale i denne samanhengen knyta til tema attlevande sambuars moglegheit til arv og uskifte, er at forlottsretten er verna mot testamentariske disposisjonar slik som reglane om pliktdel også er, jf. al. § 37. Dersom retten tilkjenne eit beløp i forlottsrett, vil denne i visse høve få karakter av ei forsterka pliktdel, idet forlottsretten kan gripa inn i pliktdelskrav dei andre livsarvingar måtte ha, jf. al. § 37 andre ledd. Eit krav om forlottsrett i dødsbuet kan gjerast gjeldande uansett om det er oppretta testament eller ei.

## **4.3 Testasjonskompetanse for dei ulike typar sambuarar**

### **4.3.1 Barnlause sambuarar**

For sambuarar som ikkje etterlet seg livsarvingar er utgangspunktet full testasjonsfridom. Slike sambuarar kan testamentere heile sin formue til kvarandre (eller til andre).

Unntak frå full testasjonsfridom, er den spesielle situasjonen der testator framleis er gift med ektemaken sin i tillegg til å ha inngått sambuarskap med ein ny person. I denne situasjonen vil det ikkje vere tale om sambuarskap i arvelovas forstand for det nye samlivet, jf. formuleringa «korkje er gift» i al. § 28 a. Det følgjer av § 8 at ektemaken framleis har sin arverett etter § 6 så langt separasjon ikkje er gitt ved dom eller løyve når arvelataren dør. Ektemakens rett på arv etter § 6 første ledd er enten  $\frac{1}{4}$  eller 4G, alt etter kva som gir mest på tidspunktet for dødsfallet. Likevel kan testator avgrense arveretten til ektemaken frå  $\frac{1}{4}$  til ikkje mindre enn 4G, dersom  $\frac{1}{4}$  av formuen er større enn 4G, jf. § 7 første punktum, jf. § 6 første ledd andre punktum. Kravet etter § 7 første punktum er at ektemaken har «fått kunnskap» om avgrensinga, ved mindre det var umogleg eller urimeleg vanskeleg å varsle, jf. § 7 andre punktum. For gjennomgang av kunnskapskravet og unntaket, sjå punkt 3.4. Testator må i slike tilfelle enten ta omsyn til ektemakens arverett i testamentet eller få løyve eller dom på separasjon for å få full testasjonsfridom.

### **4.3.2 Sambuarar utan fellesbarn, men der den eine eller begge har særkullsbarn**

For sambuarpar med særkullsbarn som ikkje oppfyller grunnvilkåret om fellesbarn etter § 28 b første ledd første punktum, har lovgivar gitt ein åtgang til arv for dei etter andre punktum. Det følgjer av føresegna at «same retten til arv utan omsyn til[avdøde sine] livsarvingar» har også attlevande sambuar dersom denne var «sambuar med den avdøde i minst dei siste fem åra før dødsfallet», og den avdøde sambuaren har fastsett dette i testament. Lovteksten «same retten til arv utan omsyn til livsarvingar» visar tilbake til rett på opp til 4G i arv etter første punktum. Denne utvida testasjonsåtgangen for sambuarane etter § 28 b første ledd andre punktum er ein «særleg heimel» som går føre pliktdelsarva til særlivsarvingar etter arvelatar viss det ikkje er tilstrekkeleg med formue til arvelatars arvingar, jf. § 29 andre ledd.

I dødsbu på 12 G vil pliktdelen til arvelatars livsarvingar utgjere 2/3 av arvelatars formue (8 G), jf. § 29 første ledd. Dette inneber at testasjonskompetansen er på 1/3 (4G). Der det berre er 12G å testamentere over, vil arvelatars testasjonskompetanse på 1/3 tilsvare 4G. Dersom dødsbuet er på under 12G, vil arvelatars utvida testasjonskompetansen etter § 28 b første ledd andre punktum vere heilt naudsynt for å tryggje attlevande sambuar mest mogleg arv i konkurranse med særkullsbarn. Dette fordi arveretten til attlevande sambuar på 4G vil vere større enn 1/3 av netto dødsbu til testator.

Den naturlege språklege forståinga av «i minst dei siste fem åra før dødsfallet» peikar mot at det i utgangspunktet må vera fem års samanhengande sambuarskap for å nyte godt av den utvida testasjonskompetansen. I følgje proposisjonen gjeld presiseringane i § 28 a andre ledd også her.<sup>96</sup> Det vil seie at vurderinga etter § 28 a andre ledd kjem inn i to situasjonar: der partane har hatt mellombels ulik bustad undervegs i samlivet, men har same bustad ved dødsfallet, og situasjonen der partane har ulik bustad ved dødsfallet. Til den siste situasjonen, er vurderinga om sambuarskapet stod ved lag ved dødsfallet den same som etter punkt 2.2.4.2

Når det gjeld situasjonen med mellombels ulik bustad undervegs i samlivet, går det fram av proposisjonen at «kortvarig» avbrot ikkje skal reknast med når ein vurderer femårskravet viss samlivet står ved lag på tidspunktet for dødsfallet.<sup>97</sup> Proposisjonen nemnar ikkje kva som meinast med «kortvarig», men ut frå samanhengen i lova gir det meining at same forståinga skal leggjast til grunn her som ved vilkåret «for ei tid» i § 28 andre ledd. sjå punkt 2.2.4.2 for gjennomgangen av «for ei tid».<sup>98</sup> Proposisjonen gir eit døme på at «[e]n student som har hybel eller leilighet på studiestedet, men lever i et parforhold med en person av annet kjønn i helger og studiefrier, må således regnes som samboer. Slik er også situasjonen for mange ektepar.» Førearbeidas kan forståast slik at «kortvarig» omfattar éi veke. I situasjonar der det er tale om utveksling eller arbeid i lange periodar i utlandet, bør det kanskje krevjast at samlivet var stabilt før avbrotet skjedde, og proposisjonen nemnar til dømes at «minst to år» med samliv før avbrotet skjer er akseptabelt.<sup>99</sup>

Så framt sambuarane oppfyller kravet til fem års sambuarskap ved dødsfallet, set arvelova grense for når sambuarskapet tidlegast kan byrje, nemleg ved 18 årsdagen, jf. al. § 28 a første

---

<sup>96</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 47

<sup>97</sup> Ibid s. 47

<sup>98</sup> sjå punkt 2.2.4.2 for gjennomgangen av «for ei tid».

<sup>99</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 47

ledd. Det inneber at ein testamentarisk disposisjon frå den yngste i sambuarparet som gir den andre arverett på inntil 4G er tidlegast gyldig på 23 års dagen til den yngste.

Vidare kan det oppstå spørsmål om korleis fordelinga av arva i testamentet skal forståast der testator berre har oppgitt i testament at sambuaren skal ha arverett.

For det første kan det i dødsbu på mindre enn 12G vere eit spørsmål om testamentet berre gir sambuaren den arv som avdøde etter vanlege reglar om pliktdel kan disponere fritt over (1/3 av dødsbuet) eller om testamenet gir sambuaren rett på 4G i arv. Proposisjonen visar til al. § 65 om at det avgjerande er kva «testator meinte» med testamentet (det subjektive tolkingsprinsipp), og i mangel av haldepunkt for testators vilje må ein leggje til grunn naturleg språkleg forståing av testamentet (det objektive tolkingsprinsipp).<sup>100</sup> Det uttalast i proposisjonen at i mangel av haldepunkt for kva testator meinte må attlevande sambuar arve 4G, og særleg gjeld dette om testators nettoformue var under 4G ved oppretting av testamentet. Utsegna i proposisjonen kan virke urimeleg for særkullsbarn(a) til arvelatar, men likevel har lovgivar gitt ein åtgang for testator til å krenkje livsarvingars pliktdel etter § 29 første ledd ved å gi sambuarar utvida testasjonsåtgang til å gi kvarandre arv inntil 4G etter § 28 b første ledd andre punktum. Dersom testator ikkje hadde oppretta testament, ville sambuaren ikkje fått noko arv, medan barna delte arva likt etter lovas ordning, jf. § 1. Eit testament som berre gir sambuaren ei generell arverett utan å seie noko om arvefordelinga eller kven som skal ha rett på kva aktiva, må tolkast dit hen at sambuaren gis rett på lovas forslag, dvs. arv opp til 4G. Eit døme der sambuaren berre får rett på testasjonskompetansen til arvelatar (1/3) er viss arvelatar til dømes har formue på 9G og har gitt sitt einaste særkullsbarn rett på båten verd 6G i testamentet. Då er arvelatars vilje at sambuaren berre får rett på 1/3 av hans formue, og i dette dømet gir det arv på 3G til sambuaren.

For det andre kan det bli spørsmål om sambuaren skal ha rett på meir enn 4G i arv dersom dødsbuet er på over 12G, så framt sambuaren har fått testamentert spesifikt 4G til seg.

Dersom det etter ei tolking av testamentet i samsvar med tolkingsprinsippa i § 65 ikkje er haldepunkt for kven som skal ha den overskytande formuen etter at pliktdelsarva og legalarva er fordelt, følgjer det av proposisjonen det overskytande fordelast med 1/3 til sambuaren og

---

<sup>100</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 47

2/3 til særkullsbarn(a), likevel slik at kvart særkullsbarn eller deira line ikkje arvar meir enn 1 million kroner (særkulls barnebarn minimum kr 200 000 kvar).<sup>101</sup>

Der eit sambuarpar ikkje oppfyller vilkåret til fem års samliv i al. § 28 b første ledd andre punktum, kjem pliktdelsreglane inn med full styrke. Då vil testasjonskompetansen til testator vera avgrensa til det overskytande beløp etter at pliktdelen er fordelt, ved mindre formuen til testator er så stor at pliktdelsarva kan avgrensast til kr 1 million per særkullsbarn, jf. al. § 29 første ledd andre punktum.

### **4.3.3 Sambuarar med fellesbarn**

Er ein sambuar i arvelovas forstand med fellesbarn, med eller utan særkullsbarn(a), kan det for slike sambuarar vera ynskjeleg å tilgodesjå kvarandre med meir enn 4G i arv i testament, jf. § 28 b. Legalarva til sambuaren går føre pliktdelsarva der dødsbuet ikkje dekkjer begge, jf. § 29 andre ledd, jf. § 28 b. For at eit testament skal ha verknad for attlevande sambuar, må dødsbuet vere på over 12G, slik at testator kan velje å la det overskytande etter fordeling av sambuarens legalarv og livsarvingars pliktdelsarv, gå til attlevande sambuar, slik som i punkt 4.3.2.

---

<sup>101</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007–2008) s. 47

# 5 Attlevande sambuars rett til arv og uskifte etter utkast til ny arvelov – NOU 2014: 1

## 5.1 Innleiing

Arvelovutvalet blei oppnemnd ved kongeleg resolusjon 15. april 2011, og blei leia av lagdommar Torstein Frantzen. Arvelovutvalet gav si innstilling, NOU 2014: 1 Ny arvelov, til Justis- og beredskapsdepartementet den 10. februar 2014. Mandatet deira var å revidere arvelova, og føremålet med lovforslaget var å gi rettsteknisk ekle reglar og balanserte løysinga som vil verka konfliktdempande. Særleg har omsynet til likestilling mellom sambuarar og ektemakar i tillegg til avdøde sin testasjonsfridom, stått sentralt.<sup>102</sup>

Utkastet til ny arvelov inneheld til dels store endringar for sambuarar og deira livsarvingar. Det foreslåast, når det gjeld arv og uskifte, blant anna likestilling av sambuarar og ektemakar og auka arv til desse (sjå punkt 5.1.1), legalarve- og uskifterett for sambuarar utan fellesbarn, men med særkullsbarn (sjå punkt 5.1.2), og endringar i pliktdelsarva for arvelatars livsarvingar (sjå punkt 5.1.3). Dette er dei endringar som vil påverka folk flest arverettsleg.

### 5.1.1 Likestilling av sambuarar og ektemakar og auka av til desse

Lovutvalet foreslår i utkastets § 9 at «samboere har samme arverettigheter som ektefeller».<sup>103</sup> Med «same arverettigheter» visast det til retten og omfanget til legalarveretten for ektemakar i ny § 6. Etter arveforslagets § 6 første ledd arvar ektemake halvparten, likevel minimum 6G, når det er livsarvingar etter avdøde. Dersom det ikkje er livsarvingar etter avdøde, arvar ektemaken alt, jf. andre ledd. Dette inneber at ektemakar og utkastets avgrensingar av sambuarar skal ha same arverett. Dersom arvelatar ynskjer å oppretta testament kan han ikkje ta frå ektemaken eller sambuaren sin minstearva på 6G og denne er den same uavhengig av kva slekts- og testamentsarvingar det er.

---

<sup>102</sup> Sjå NOU 2014: 1 s. 9

<sup>103</sup> NOU 2014: 1 s. 221



### **5.1.2 Legalarve- og uskifterett til sambuarar utan fellesbarn, men med særkullsbarn**

Det går fram av utkastets § 9 at i tillegg til dei sambuarpar som har, har hatt eller ventar barn saman, skal også dei som «har vært samboer i minst de siste fem årene» ved dødsfallet ha rett på legalarv.<sup>104</sup> Ved å gi legalarverett til sambuarar utan fellesbarn men med særkullsbarn, inneber dette at arvelatar slepper å oppretta testament etter gjeldande arvelov § 28 b første ledd andre punktum for å tilgodesjå sambuaren sin med arv som går føre arveretten til arvelatars særkullsbarn.

Når det gjeld uskifterett, går det fram av utkastets § 12 første ledd første punktum at når den eine ektemaken eller «samboeren» dør, har attlevande rett til å sitje i uskifte med felles livsarvingar etter avdøde.<sup>105</sup> Omgrepet «samboeren» visar tilbake til utkastets § 9, der både sambuarar med eller utan felles livsarvingar omfattast, likevel slik at kravet om fem års samliv gjeld for par utan fellesbarn men med særkullsbarn.

### **5.1.3 Endringar i pliktdelsarva for arvelatars livsarvingar**

Når det gjeld livsarvingars rett på pliktdel der arvelatar opprettar testament, foreslår arvelovutvalet i utkastets § 49 første ledd at pliktdelen reduserast til «halvparten av en livsarvings arvelodd».<sup>106</sup> Det inneber at pliktdelen reknast ut frå den enkelte livsarvings legalarvelott, og ikkje dødsbuet, slik gjeldande rett er. Der testator korkje har ektemake eller sambuar, er det utan verknad om pliktdelen reknast ut frå dødsbuet eller arvelotten, då livsarvingane deler heile avdøde sin formue mellom seg, jf. utkastets § 1. Derimot vil rekningsmetoden for pliktdelen få stor verknad dersom arvelataren har sambuar i utkastets forstand som ikkje har fått legalarva si avgrensa ved testament. I denne situasjonen er arvelotten ½ av dødsbuet til livsarving(ar) og ½ av dødsbuet til sambuaren, jf. utkastets §§ 1 og 6. Pliktdelen blir då «halvparten av ... arvelodd[en]» til livsarvingen(e), det vil seie ¼ av arvelatars dødsbu.

Det foreslåast at pliktdelens øvre grensa er 40G til kvart av arvelatars barn eller line, jf. utkastets § 49 første ledd.<sup>107</sup> Utkastet inneber at pliktdelens kvantitative grense skal

---

<sup>104</sup> NOU 2014: 1 s. 221

<sup>105</sup> Ibid s. 221

<sup>106</sup> Ibid s. 226

<sup>107</sup> Ibid s. 226

indeksregulerast kvart år ved å kopla den til grunnbeløpet i tråd med konjekturane i samfunnet. Dette er ei god løysing då kr 1 million har stått uforandra sidan 1985.<sup>108</sup> Regelen etter al. § 29 første ledd andre punktum om at fjernare avkom av arvelatar barn skal ha minimum kr 200 000, foreslåast ikkje vidareført i utkastet.

## 5.2 Merknadar til utkastet

Når det gjeld den føreslåtte rekningsmetoden til pliktdel, vil regelen gi arvelatar større testasjonskompetanse i dei mindre og middels store dødsbua. Dette fordi arvelatar vil ha eit fast brøkdeltal uavhengig av kor stor formuen hans er, men brøktalet varierer ut frå kven avingane til arvelatar er. Etter gjeldande rett er det berre velstående arvelatarar med livsarvingar som kan råde over meir enn 1/3, sjå gjennomgangen i kapittel 4. Etter arvelovutvalets forslag har arvelatar moglegheit til å testamentere over 1/2 av dødsbuet der det er anten livsarvingar eller sambuar/ektemake, og 1/4 om det er begge deler, føresatt at legalarva til sambuaren ikkje er redusert ned til minstearva på 6G. Full testasjonsfridom har arvelatar som korkje har livsarvingar, sambuar eller ektemake. For sambuarpar som ønskjer å tilgodesjå kvarandre med mest mogleg arv, vil utkastets forslag til reduksjon av pliktdelen auke arvelatarar autonomi og moglegheit til å råda over eigen arv.

Ved å foreslå legalarv og uskifterett for sambuarar med minst fem års samliv som ikkje har fellesbarn men særkullsbarn, blir slike par omfatta av lovas rettigheitar. Legalarverett for slike sambuarar blei også drøfta i proposisjonen til kapittel III A. Departementet konkluderte under tvil med at slike sambuarar ikkje hadde same trong til legalarv som par med fellesbarn samstundes som at krinsen av sambuarpar skulle vere lik både ved rett på legalarv og uskifte.<sup>109</sup> Arvelovutvalet har i utkastet valt å prøva på nytt å gi slike sambuarpar legalarverett, og samstundes foreslå at slike par også får uskifterett. Sjølv om fleire typar sambuarpar får legalarve- og uskifterett, er testament framleis naudsynt for barnlause sambuarpar.

Motargument for utkastets forslag, som påverkar attlevande sambuar er at ein velstående arvelatar ikkje kan testamentere nokså fritt (sjå punkt 4.2.2), då utkastets utrekningsmetode gir same brøktal uavhengig av testators formue, ved mindre pliktdelen kan avgrensast til 40G per barn eller barns line. Etter gjeldande rett kan testator avgrensa pliktdelen til kr 1 million

---

<sup>108</sup> Ved lov 7. juni 1985 nr. 52 om endringer i arve- og skiftelovgivningen, veksel- og sjekkloven m.m.

<sup>109</sup> Ot.prp. nr. 73 (2007-2008) s. 25-26

per barn eller barns line, likevel minimum kr 200 000 til fjernare avkom av livsarvingen, jf. al. § 29.

Arvelovutvalets mandat når det gjaldt sambuarars arve- og uskifte rettigheter var å «vurdere reglene i den utstrekning det er nødvendig for å sikre en god tilpasning til ny arvelov.»<sup>110</sup> Jamvel om mandatet ikkje var å endra reglane for sambuarar då dei nyleg var vedtatt, kom utvalet med mange store endringar for sambuarar. For sambuarpar, er utkastet svært fordelaktig. Særleg då forslaget inneber at krinsen av typar sambuarar blir utvida, slik at dagens problem (sjå punkt 1.1) der halvparten av sambuarpar ikkje er omfatta av arvelova på grunn av manglande fellesbarn, betrast. Det står att å sjå om dei føreslåtte reglar, som påverkar sambuarar, blir gjeldande rett. Ein kan neppe pårekna ein proposisjon før tidlegast i 2015, vedtaking i 2016, og ikraftsetjing i 2017.<sup>111</sup>

---

<sup>110</sup> NOU 2014: 1 ny arvelov, punkt 1.2 nr. 3 bokstav b, s. 10.

<sup>111</sup> John Asland, «Arvelovutvalgets innstilling – NOU 2014: 1 Ny arvelov», *Tidsskrift for Familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål*, 2014–1 s. 72-78 (s. 72)

# Litteraturliste

## Lovregister

### Norske lover

- 1930 Lov om skifte (skifteloven) 21. februar 1930
- 1967 Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) 10. februar 1967
- 1968 Lov om adopsjon (adopsjonsloven) 28. februar 1986 nr. 8
- 1972 Lov om arv m.m. (arvelova) 3. mars 1972 nr. 5
- 1974 Lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) 28. juni 1974 nr. 58
- 1985 Lov om endringer i arve- og skiftelovgivningen, veksel- og sjekkloven m.m. 7. juni 1985 nr. 52
- 1981 Lov om barn og foreldre (barnelova) 8. april 1981 nr. 7
- 1991 Lov om rett til felles bolig og innbo når husstandsfellesskap opphører (husstandsfellesskapsloven) 4. juli 1991 nr. 45
- 1991 Lov om ekteskap (ekteskapsloven) 4. juli 1991 nr. 47
- 1992 Lov om barneverntjenester (barnevernloven) 17. juli 1992 nr. 100
- 1997 Lov om folketrygd (folketrygdloven) 28. februar 1997 nr. 19
- 2003 Lov om humanmedisinsk bruk av bioteknologi m.m. (bioteknologiloven) 5. desember 2003 nr. 100
- 2008 Lov om endringer i ekteskapsloven, barnelova, adopsjonsloven, bioteknologiloven mv. (felles ekteskapslov for heterofile og homofile par) 27. juni 2008 nr. 53
- 2008 Lov om endringer i arveloven mv. 19. desember 2008 nr. 112
- 2013 Lov om endringer i barnelova (farskap og morskap) 21. juni 2013 nr. 64
- 2014 Lov om endringer i adopsjonsloven mv. 25. april 2014 nr. 13

### Svensk lov

- 2003 Lov 12 juni 2003 nr. 376 Sambolagen

## Norske førearbeid

NOU 2014: 1.	Ny arvelov [ikkje gjeldande førearbeid per dags dato]
Ot.prp. nr. 36 (1968–1969).	Om lov om arv m.m.
Ot.prp. nr. 14 (1969–1970).	Om lov om arv m.m.
Ot.prp. nr. 73 (2007–2008).	Om lov om endringar i arveloven mv. (arv og uskifte for samboere)
Innst. O. nr. 14 (2008–2009).	Innstilling frå justiskomiteen om lov om endringer i arveloven mv.
Høringsnotat 22. januar 2007	Forslag om endringer i arveloven – rett til arv og uskifte for sambuarar

## Norsk rettspraksis

### Høgsterett

Rt. 1952 s. 846

### Lagmannsrett

RG 1966 s. 262 (Kristiansand skifterett)

LH–2008–172266 (Hålogaland lagmannsrett)

## Bøker

Asland, John mfl.,	<i>Nordisk samboerrett</i> (Oslo 2014)
Lødrup, Peter og John Asland,	<i>Arverett</i> , 6. utgåve, (Oslo 2012)
Rygg, Ola, Oluf Skarpnes og Thor Falkanger,	<i>Odelstloven</i> , 5.utgåve, (Oslo 2011)

## Artiklar

- Asland, John «Arvelovutvalgets innstilling – NOU 2014: 1 Ny arvelov», *Tidsskrift for Familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål*, 2014-1 s. 72–78
- Eeg, Thomas «Samboeres arve- og uskifterettslige stilling», *Tidsskrift for Familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål*, 2010 s. 25–59
- Frantzen, Torstein «Rett til arv og uskifte for samboere», *Lov og Rett*, 2009 nr. 7 s. 387–405

## Visninger til nettsider

### Statistisk sentralbyrå:

SSBs statistikk, *Familier og husholdninger, 1. januar 2014*. Tilgjengeleg frå:  
<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/familie/aar/2014-12-12#content> [henta: 21.05.2015]

SSBs statistikk, *Samboere, 2011*. Tilgjengeleg frå:  
<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/samboer/aar> [henta: 31.05.15]

SSBs statistikkbank, tabell 06092: *Par i privathusholdninger, etter samlivsform og antall barn i familien*. Tilgjengeleg frå:  
<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=PersonSamliv03&KortNavnWeb=familie&PLanguage=0&checked=true> [henta: 21.05.2015]

### Regjeringa:

Regjeringa: *Regulering av folketrygdens grunnbeløp og pensjon (2015)*. Tilgjengeleg frå:  
<https://www.regjeringen.no/nb/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/innsikt/trygd/regulering-av-folketrygdens-grunnbelop-og-pensjoner/id2008616/>  
[henta: 27.05.2015]